



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 28

(2006–2007)

Om samarbeidet i NATO i 2006



Innhald

1	Samandrag	5	7	Samarbeidet med Russland.....	24
2	Transatlantiske band og samarbeid med andre organisasjonar.....	10	8	Hurtigreaksjonsstyrkar og missilforsvar.....	25
2.1	USA og dei europeiske allierte	10	9	Vurderingar og framtidsperspektiv.....	26
2.2	Samarbeidet med internasjonale organisasjonar og lokale aktørar	11			
3	NATO-operasjonar og norsk engasjement.....	13		Vedlegg	
3.1	Afghanistan.....	13	1	Erklæring frå formannen, Brussel, torsdag 8. juni 2006	
3.2	Balkan	14		Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane	28
3.3	Irak	15	2	Oppsummering ved formannen, Brussel, torsdag 8. juni 2006	
3.4	NATO-operasjonen i Middelhavet....	15		Møte i Det Euroatlantiske partnerskapsråd ved forsvarsministrane	30
4	Den sivile dimensjonen.....	17	3	Sluttkommuniké, Brussel, torsdag 8. juni 2006	
4.1	NATO som humanitær aktør	17		Møte i Det Nordatlantiske råd ved forsvarsministrane	31
4.2	Sivil beredskap	17	4	Sluttkommuniké, Brussel, torsdag 8. juni 2006	
4.3	Vern av kritisk energiinfrastruktur ...	17		Ministtermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe	34
5	Partnarsamarbeidet.....	19	5	Samla politisk rettleiing, 29. november 2006	
5.1	Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)	19		Godkjend av stats- og regjeringssjefane i NATO	36
5.2	Regional tilnærming til Balkan	19	6	Erklæring frå toppmøtet i Riga.....	40
5.3	Partnarane i Kaukasus og Sentral-Asia.....	20			
5.4	Dei vesteuropeiske partnarane.....	21			
5.5	Tilhøvet til Middelhavslanda og Midtausten.....	21			
5.6	Tilhøvet til kontaktlanda.....	21			
6	Debatten om NATO-utvidinga	23			

St.meld. nr. 28

(2006–2007)

Om samarbeidet i NATO i 2006

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 4. mai 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Førebuingane til toppmøtet i Riga i Latvia 28.–29. november prega samarbeidet i NATO i 2006. Dette møtet var det første i ein serie på tre som skal haldest med korte mellomrom i åra framover. Det neste finn stad i Bucuresti i Romania i første halvår 2008, og det tredje møtet i 2009 vil markere sekstiårsdagen for opprettinga av NATO.

Riga-møtet blei halde med bakgrunn i den omfattande omforminga alliansen gjennomgår. Dei siste fem åra er rolla til NATO blitt vesentleg utvida. Det dreiar seg om eit aukande engasjement i freds- og stabilitetsoperasjonar, med særleg vekt på Afghanistan, trening og andre kapasitetsbyggjande tiltak retta mot partnerland, og om utvida dialog og samarbeid med andre internasjonale organisasjonar som FN, EU og Den afrikanske unionen.

Internt har denne utviklinga skapt ny dynamikk i det politiske samarbeidet. Skiljelinjene går mellom medlemsland som ønskjer seg ein organisasjon med eit breitt globalt engasjement og dei som legg meir vekt på dei tradisjonelle NATO-oppgåvene. Det har gjort det til ei utfordring å skape semje om aktivitetane i alliansen og ført til auka behov for å styrkje den politiske dialogen.

Samtidig er den transatlantiske interesse- og verdifellesskapen limet i NATO. Trass i dei politiske utfordringane munna Riga-toppmøtet difor ut i semje om å trekkje opp rammene for den

vidare politiske og militære tilpassinga av organisasjonen.

Dei pågåande NATO-operasjonane stod særleg sentralt. Utfordringane i samband med spreidd masseødeleggingsvåpen og terrorisme var viktige spørsmål. Riga-toppmøtet stadfeste at NATO i aukande grad har teke på seg ansvar for å byggje internasjonal fred og stabilitet i tett samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, særleg som støttespelar for FN.

Den NATO-leidde stabiliseringsoperasjonen i Afghanistan (ISAF) stod høgst på saklista i NATO i 2006. Målet er at alliansen, i samarbeid med andre organisasjonar, skal setje afghanske styresmakter i stand til å overta ansvaret for utviklinga i landet og skape grunnlag for eit levedyktig og stabilt samfunn. I to omgangar blei ISAF utvida, høvesvis sør- og austover i landet, slik at NATO ved utgangen av 2006 hadde utvida sitt ansvarsområde til å omfatte heile Afghanistan.

Utvidinga stilte dei allierte overfor nye utfordringar. Det medførte eit aukande behov for troppar. Oppfylgning av styrkebehova var difor ei konstant utfordring. På same tid fekk spørsmålet om betre balanse mellom sivile og militære verkemiddel tiltakande merksemd, og det var aukande semje om at utfordringane kravde ein breiare strategi med større vekt på oppbygging av sivile institusjonar. På det uformelle utanriksministermøtet i

NATO i New York 21.–22. september 2006 tok Noreg til orde for å leggje meir vekt på behovet for utvida og betre samordna utviklingsinnsats, med FN i den koordinerande rolla.

Før toppmøtet i Riga sende utanriksminister Støre ut eit brev til utanriksministrane i landa som stiller mannskap til ISAF og til nokre internasjonale organisasjonar. Frå norsk side blei det teke til orde for ein heilskapleg og betre koordinert innsats i Afghanistan. Det vart understreka at verdsamfunnet ikkje kan lukkast i Afghanistan utan at ein i langt større grad ser trygging utfordringane i samanheng med innsatsen for gjenreising og utvikling. Det norske initiativet blei godt motteke, og fungerte som ei rettesnor for konsultasjonane før og etter toppmøtet.

Eit positivt resultat av ISAF-utvidinga var at fleirtalet av dei amerikanske styrkane i Afghanistan vart lagt under NATO-kommando. Desse styrkane opererer no på grunnlag av operasjonsplanen og engasjementsreglane som gjeld for NATO. Det medførte at det internasjonale militære engasjementet i Afghanistan no står fram som vesentleg meir heilskapleg enn tidlegare.

Etter utvidinga tel ISAF om lag 35 000 soldatar. Ved årsskiftet 2006–2007 var totalt 37 land direkte involverte i operasjonen, deriblant partnerlanda Sverige og Finland og kontaktlanda Australia og New Zealand.

ISAF-utvidinga auka behovet for samordning mellom den NATO-leidde styrken og den amerikansk-leidde koalisjonen («Operation Enduring Freedom»), som heldt fram med sine operasjonar i Afghanistan. Prinsippet om to separate operasjonar, med ulike oppgåver og mandat, stod ved lag.

Med omsyn til kva rolle NATO skal spele, understreka stats- og regjeringssjefane på Rigmøtet at dei allierte står saman om ansvaret for å sikre at NATO har både styrkane, ressursane og fleksibiliteten som skal til for å utføre oppdraget i Afghanistan. Dei framheva òg kampen mot narkotikatrafikken som viktig for å skape grunnlag for eit levedyktig og stabilt samfunn.

NATO-operasjonen i Kosovo (KFOR), treningsmisjonen i Irak (NTM-I), den maritime overvakingsoverasjonen i Middelhavet («Operation Active Endeavor») og støtta til operasjonen som Den afrikanske unionen (AU) utfører i Darfur (AMIS), heldt fram.

Fram mot Riga-møtet fekk vi ein politisk debatt om NATO-nærværet i Kosovo på lengre sikt. Det var semje om at KFOR måtte vidareførast med noverande styrkenivå og oppgåver, slik at styrken kunne sikre stabiliteten og tryggleiken i området etter at sjefsforhandlaren for FN, Martti Ahtisaari,

hadde lagt fram sitt forslag til løysing på spørsmålet om framtidig status for Kosovo. Samtidig blei det på norsk initiativ sett i gang ein debatt om det langsiktige NATO-engasjement i området i samarbeid med EU.

Stats- og regjeringssjefane sa seg i Riga samde om at erfaringane frå Balkan og Afghanistan hadde vist at sterkare koordinering må til både i førebuds- og gjennomføringsfasen av operasjonane. Trass i denne semja står utvikling av NATO-samarbeidet med andre aktørar, særleg FN, framleis att som ei utfordring i omforminga og tilpassinga av alliansen. Det har vakse fram eit godt praktisk samarbeid på bakken i dei ulike operasjonsområda, men det er ikkje følgt opp med styrking og formalisering av samarbeidet på hovudkvarternivå. Behovet er særleg tydeleg i samband med operasjonen i Afghanistan, men gjer seg òg gjeldande i arbeidet for å styrkje kontakten med FN og AU i Sudan.

Årsaka til den manglande politiske dialogen er delvis prinsipiell motstand hos enkelte allierte mot å formalisere kontaktane, mest på grunn av skepsis mot at NATO skal ta på seg nye og ikkje-militære oppgåver. Ei underliggjande årsak er nok uro over at ei sterkare NATO-rolle overfor FN og AU vil gje den tryggingpolitiske dimensjonen i EU mindre spelrom. Samtidig er det framleis ein viss skepsis i FN og AU mot å byggje ut kontakten med eit NATO der USA spelar ei leiande rolle.

Samarbeidet mellom NATO og EU var fastlåst også i 2006. Kontakten var i praksis avgrensa til konsultasjonar og samarbeid rundt den EU-leidde operasjonen i Bosnia-Hercegovina, der NATO støttar EU med utgangspunkt i «Berlin pluss»-ordningane (som inneber at NATO kan yte støtte til EU-leidde operasjonar). Motsetnaden mellom Tyrkia og Kypros gjorde sitt til den manglande framgangen, det same gjorde motstanden i enkelte EU-land mot eit samarbeid dei fryktar kan gje EU redusert avgjerdsautonomi. Difor stranda utviklinga av den strategiske partnerskapen som Noreg og eit fleirtal allierte land og EU-land legg så stor vekt på. Det er grunn til å vone at rettsstatsoperasjonane EU skal gjennomføre i Kosovo og Afghanistan, vil verke som katalysator for eit styrka samarbeid, også på strategisk nivå.

Eit politisk lyspunkt i samarbeidet med EU er dei uformelle møta som blir haldne i margen av utanriksministermøta i NATO. På møte i dette formatet kan ein drøfte heile spekteret av spørsmål som er av interesse for begge organisasjonane og medlemslanda deira. Det er eit viktig mål å vidareutvikle desse arbeidssesjonane som politiske verkstader for eit sterkare transatlantisk samarbeid.

NATO videreførte i 2006 samarbeidet med EU om støtte til AU i Darfur, eit samarbeid som vart innleidd i juli 2005. Alliansen driv både opplæring av AU-offiserar og lufttransport av styrkar frå ulike afrikanske land til Darfur. Noreg deltok innanfor NATO-ramma med finansiering til transport av både militære og politipersonell til Darfur.

Frå norsk side blei det lagt stor vekt på at NATO måtte yte meir støtte til AU, både for å medverke til ei fredeleg løysing i Darfur og for å gjere AU og dei afrikanske landa betre skikka til å ta hand om sine eigne tryggingssoppgåver.

Videreføringa av den funksjonen den norske ambassaden i Addis Abeba har hatt som sivilt kontaktpunkt mellom NATO og AU, illustrerer at det frå norsk side blir lagt stor vekt på slik støtte. I alliansen er dette engasjementet høgt verdsett. Ambassaden i Addis Abeba la i 2006 mellom anna til rette for jamleg kontakt og besøksutveksling mellom dei to organisasjonane.

Reform og tilpassing av NATO-partnarskapane var eit anna sentralt spørsmål i drøftingane fram mot toppmøtet. Utgangspunktet var at alliansen ved å støtte reformer i trygging- og forsvarssektoren i partnerlanda yter viktige bidrag til intern reform og eit sterkare transatlantisk samarbeid, samtidig som bidraga frå partnerane òg er viktige for NATO-operasjonane. Her kan det visast til at 18 partnerland deltok i NATO-operasjonar ved årsskiftet 2006–2007.

Samtidig har det dei siste par åra komme stadig klarare fram at partnerstrukturane er modne for revisjon og treng tettare samordning og tilpassing til nye utfordringar. Mellom anna er det viktig å utvikle partnerbidraga til NATO-operasjonane, parallelt med at partnarskapane må vidareførast som verkemiddel til demokratisk og militær reform.

Vedtaka som blei gjorde i Riga, la eit grunnlag for vidare utvikling av samarbeidet med partnerane i Det euroatlantiske partnerskapsråd (EAPC), landa i Middelhavsdialogen (Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Mauritania, Marokko og Tunisia) og Istanbul-initiativet (Kuwait, Dei sameinte arabiske emirata, Qatar og Bahrain) og med dei såkalla kontaktlanda (Australia, Japan, New Zealand og Sør-Korea). Fleire av samarbeidsinstrumenta som har vore reserverte for partnerane i EAPC, blir no opna for ikkje-europeiske partnerar.

Særleg viktig for samarbeidet med partnerane i Middelhavsregionen var avgjerda om å utvikle treningsinitiativet som blei lansert av Noreg, USA og Italia for å bidra til forsvarsreform og opplæring av tryggingssstyrkar. Formålet er å medverke til mili-

tær reform i deltakarlanda og å setje dei betre i stand til å vareta sine eigne tryggingssoppgåver. Men samtidig er det frå ein NATO-ståstad viktig å styrkje kunnskapen i dei allierte landa om dei særlege utfordringane og behova Alliansen møter i denne regionen. Målet er difor at treningsinitiativet skal vere til gjensidig nytte for alle deltakande land, NATO-landa medrekna.

Toppmøtet gjekk òg inn for at partnerland og kontaktland som er med på eller støttar NATO-operasjonar politisk, i større grad må få tilgang til relevante drøftingar i alliansen og kan påverke avgjerder som får følgjer for deltakinga deira i operasjonane. Det vart opna for at partnerland skal kunne delta i hurtigreaksjonsstyrken (NRF). Derimot blir det framleis eit alliert ansvar å fylle det ordinære styrkebehovet i utrykkningsstyrken.

I Riga vedtok stats- og regjeringssjefane at alliansen på toppmøtet i 2008 skal drøfte ei ytterlegare utviding av NATO. Dei tre kandidatane på Balkan – Albania, Kroatia og Makedonia – fekk dermed eit perspektiv på utsiktene til medlemskap, men må oppfylle reformkrava som er fastsette for å sikre at nye medlemsland kan medverke til å fremje NATO-samarbeidet.

Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia blei ved same høvet inviterte til å slutte seg til Euroatlantisk samarbeidsråd (EAPC) og Partnerskap for fred (PFP). Dermed tok alle dei seks landa på det vestlege Balkan vesentlege skritt nærmare alliansen og full integrasjon i dei euroatlantiske institusjonane.

Etter norsk syn er vedtaket om å tilby Serbia, Montenegro og Bosnia-Hercegovina deltaking i EAPC og PFP, saman med vidareføring av NATO-utvidinga, konkrete handslag til dei demokratiske reformkreftene i landa på det vestlege Balkan. Det vil leggje grunnlaget for dialog og samarbeid i staden for isolasjon og nye konflikhtar. Vedtaket viser at NATO framleis er ei av drivkreftene for å bygge varig fred og stabilitet i denne delen av Europa.

NATO-toppmøtet i Riga sende òg ut eit viktig signal framfor det serbiske valet i desember. Det blei gjort klart at døra til ytterlegare integrasjon står open viss Serbia vel ein europeisk og transatlantisk kurs og vidarefører reformene. Samtidig blei det understreka at tilbodet om partnarskap ikkje er utan vilkår. Samarbeid med den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) er særleg viktig.

PFP-medlemskapet til Serbia og Bosnia-Hercegovina kan etter norsk vurdering føre til ein politisk situasjon som styrkjer utsiktene for å få stilt dei ettersøkte krigsforbrytarane Ratko Mladic og Radovan Karadzic for retten. PFP-medlemskapen legg

eit særleg ansvar på desse landa når det gjeld å oppfylle alle plikter overfor domstolen og er såleis ei plattform som kan brukast til å understreke at Serbia og Bosnia-Hercegovina må samarbeide med ICTY.

Samarbeidet i NATO–Russland-rådet (NRC) var i 2006 prega av ein viss mangel på engasjement og substans. Den politiske dialogen var framleis vanskeleg, mykje på grunn av spørsmålet om georgisk og ukrainsk tilnærming til NATO og gasskontroversane med Ukraina og Georgia. Samtidig auka mistrua mot Russland, dels på grunn av den innanrikspolitiske utviklinga. Somme allierte var lite interesserte i gå inn i ein politisk dialog med Russland. Difor utvikla NRC seg heller ikkje i 2006 til eit konsultasjonsforum med felles synspunkt og initiativ i botnen.

I det praktiske samarbeidet var det derimot viktige lyspunkt. Pilotprosjektet for kamp mot narkotika i Sentral-Asia og Afghanistan blei sett ut i livet, det same blei fleire av forslaga i NRC-handlingsplanen mot terror. Noreg er ein av dei største bidragsytarane til narkotikaprojektet.

Også på det praktiske militære området var det viktige framsteg. Eit russisk marinefartøy opererte i ein periode saman med NATO-fartøy i den NATO-leidde antiterroroperasjonen «Active Endeavor» (OAE) i Middelhavet. Det var første gongen sidan den russiske tilbaketrekkinga frå SFOR i Bosnia-Hercegovina og KFOR i Kosovo at russiske militæreiningar opererte saman med NATO-einingar. Deltakinga i OAE bar bod om at det er potensial for å utvikle eit operativt militært samarbeid innanfor rammene av NRC.

Også i 2006 vart det frå norsk side arbeidd aktivt for at dei allierte på toppmøtet skulle stå samla om betydninga av å bygge ut tilhøvet til Russland. Med vedtaka i Riga var dette målet nådd. Det er mellom anna brei semje om behovet for å vidareføre og styrkje den politiske dialogen og å styrkje det praktiske militære og sivile samarbeidet.

Tilhøvet til Ukraina og Georgia var ikkje sentrale tema på toppmøtet. Georgia fekk i september 2006 såkalla intensivert dialog (ID) med NATO. Det var òg semje i NATO om at den intensiverte dialogen med Ukraina skulle halde fram, også etter at statsminister Janukovitsj i september 2006 gjorde det klart at Ukraina hadde lagt ambisjonane om medlemskap på is. Føresetnaden for ei utvikling av samarbeidet med NATO er både endringar i målsetjinga til den ukrainske regjeringa og vidare reformer innanfor dei eksisterande samarbeidsrammene.

Fram mot toppmøtet heldt den omfattande militære omforminga av NATO fram. Formålet var å setje alliansen i stand til å møte dei tryggingsspolitiske utfordringane no og i framtida. Denne omforminga er ein kontinuerleg prosess der erfaringar frå pågåande operasjonar er ei viktig drivkraft.

Avgjerda om å erklære NRF fullt operativ var eitt av dei viktigaste vedtaka i Riga. Styrken symboliserer og gjev substans til det militære alliansesamarbeidet. Utover vedtaket om NRF var arbeidet med å sikre tilstrekkelege styrkebidrag til NRF og NATO-operasjonane ei stor utfordring også i 2006. Merksemda blei retta mot kapasitetsmanglar som verkar inn på det militære truverdnet og operasjonsevna til NATO, spesielt når det gjeld strategisk lufttransport og luftboren overvakingsskapasitet, ambisjonsnivået på plan- og operasjonssida, revisjon av kommandostrukturen og utvikling av eit territorielt missilforsvar. Saman med ei rekkje sentrale allierte stilte Noreg seg kritisk til utviklinga av eit slikt missilforsvar.

Den humanitære operasjonen etter jordskjelvs-katastrofen i Pakistan vart avslutta i mars 2006 i samråd med pakistanske styresmakter. Denne operasjonen illustrerer breidda i dei nye oppgåvene dei allierte må vere førebudde på å ta på seg. Slike operasjonar stiller krav til samordning og samarbeid med organisasjonar som FN og EU og med styresmaktene i landa der aktivitetane går føre seg. Det er semje om at NATO må stille seg positiv til oppmodingar om humanitær assistanse, men samtidig er det viktig at alliansen avgrensar seg til tilleggsbidrag i ein krisesituasjon. Noreg ser prinsipielt positivt på ei slik rolle for NATO, så sant innsatsen skaper meirverdi og kan koordinerast med hjelpearbeidet elles.

Fram mot Riga-møtet fekk vi òg ein debatt om energitryggleik og korleis alliansen kan vere med på å verne kritisk infrastruktur. Stats- og regjeringssjefane slo fast at energitilgang er viktig for allierte tryggingssinteresser, og bad NATO-rådet vurdere kva rolle alliansen kunne spele i denne samanhengen. For å skape meirverdi måtte ei slik rolle tilpassast innsatsen og ansvarsområda til andre aktørar og nasjonale styresmakter.

Alt i alt stadfeste toppmøtet viljen til å vidareføre den politiske og militære omstillinga av NATO. Gjennom konkrete vedtak staka stats- og regjeringssjefane ut kursen for den vidare omstillinga. Medlemslanda viste vilje og evne til å handtere dei store utfordringane alliansen står overfor, særleg i samband med operasjonane i Afghanistan og Kosovo. Stats- og regjeringssjefane understreka igjen verdien av felles innsats for å møte dei nye utfordringane, og minte om at dette måtte tuftast

på verdifelleskapen i alliansen og transatlantisk solidaritet.

For Noreg var det overordna målet å bevare NATO som den sentrale samarbeidsorganisasjonen i transatlantiske tryggingsspolitiske spørsmål. Relevansen og handlekrafta til organisasjonen måtte sikrast gjennom den djuptgripande politiske og militære omforminga og tilpassing til dei nye utfordringane. Det var i norsk interesse å arbeide for utdjuping av dei politiske konsultasjonane og eit sterkare samarbeid mellom Europa og USA. Eit anna viktig mål var etter norsk vurdering å gjere NATO betre skikka til å støtte FN i arbeidet for global fred og tryggleik.

Sett i høve til desse overordna måla var Riga-møtet vellukka. Det styrkte dei transatlantiske banda og solidariteten mellom dei allierte, og medverka såleis til å bevare NATO som eit forum for dei felles tryggingsspolitiske interessene til medlemslanda. Vedtaka på møtet inneber at alliansen kan medverke sterkare til global fred og tryggleik. Møtet viste at samarbeidet mellom USA og Europa blir utdjupa gjennom utbygging av dei politiske konsultasjonane.

Sett i eit norsk perspektiv var det særleg gledeleg at toppmøtet slutta opp om Afghanistan-strategien, mellom anna at det trengst ei samla internasjonal tilnærming til dei politiske, økonomiske, militære og humanitære utfordringane det internasjonale samfunnet og den afghanske regjeringa står overfor. Det var brei semje mellom stats- og regjeringssjefane om at den internasjonale innsatsen må bli betre samordna, og at NATO-bidraget til større tryggleik og stabilitet må vere eitt element i ein omfattande innsats med auka vekt på gjenreisning. Det var òg brei aksept for at FN må ha leiarrolla i koordineringa av den internasjonale innsatsen.

Sett frå ein norsk synsvinkel var det positivt at toppmøtet munna ut i semje om at NATO må vidareføre innsatsen for å fjerne skiljelinjene i Europa og integrere partnerane i eit forpliktande tryggingsspolitisk samarbeid. Dette omfattar NATO-samarbeidet med Russland, Ukraina og Georgia i tillegg til ytterlegare tiltak for å integrere landa på Vest-Balkan.

På toppmøtet var det brei oppslutnad om den norske argumentasjon for ei samla NATO-tilnærming til det vestlege Balkan. Støtta til dei tre medlemskandidatane (Kroatia, Albania og Makedonia) blei vidareført, likeins innsatsen for å trekkje Serbia, Montenegro og Bosnia-Hercegovina inn i det forpliktande euroatlantiske tryggingsspolitisk samarbeidet. Vidare vart det lagt vekt på at eit langsiktig NATO-nærvær i Kosovo måtte tilpassast utfordringane som gjer seg gjeldande etter framlegget frå FNs sjefsforhandlar Martti Ahtisaari til ei permanent løysing på statusspørsmålet.

Viljen til å ta ansvar som kontaktambassade for NATO, i Beograd frå 2004 og i Sarajevo frå 2007, illustrerer at vi på norsk side legg stor vekt på å utvide kontakten mellom alliansen og landa på det vestlege Balkan. Dette initiativet har fått brei tilslutnad på alliert hald og i regionen.

Måten USA opptredde på, var ei viktig årsak til at Riga-møtet blei vellukka. USA stadfeste viljen til å bruke alliansen som forum for dialog og ramme for internasjonale operasjonar og tryggingsspolitisk samarbeid. Men samtidig kom det klart fram at USA hadde ambisjonar om å gjere NATO til ein meir global aktør. Både ønsket om å utvide spekteret av oppgåver som alliansen tek på seg, og argumentasjonen for å styrkje og formalisere partnersamarbeidet utanfor Europa, kontaktlanda medrekna, spegla desse ambisjonane.

Dei fleste allierte, også Noreg, var i varierende grad skeptiske til at USA sikta mot å gje NATO ein global tryggingsspolitisk posisjon som kunne føre til konflikt mellom alliansen og FN. Mot den bakgrunnen var det positivt at USA viste seg lydhøyre for argumenta frå dei allierte. Kompromissa som til slutt blei utforma, innfridde ønska frå mellom anna norsk side om å leggje dei eksisterande partnersstrukturane til grunn for den vidare utforminga av forholdet til partnerane.

Kompromisset i dette spørsmålet reflekterer at dei allierte har overvunne vanskaner som oppstod i kjølvantet av den amerikanske invasjonen i Irak. Det overordna ønsket hos alle allierte er å bevare NATO som det sentrale transatlantiske tryggingsspolitiske forumet.

2 Transatlantiske band og samarbeid med andre organisasjonar

2.1 USA og dei europeiske allierte

Det amerikanske vedtaket etter 11. september 2001 om å gå utanom NATO i kampen mot internasjonal terrorisme, og usemja i Irak-spørsmålet i 2003, svekte lenge dei transatlantiske banda. Men utfordringane alliansen står overfor, spesielt i Afghanistan og Kosovo, har ført til ei aukande erkjening på begge sider av Atlanterhavet av at det trengst eit sterkt NATO forankra i ein transatlantisk verdi- og interessefellesskap. Toppmøtet i Riga blei ei klar stadfesting på dette fellesskapet.

Riga-møtet stadfeste òg amerikansk vilje til å bruke NATO som dialogforum og som ramme for internasjonale operasjonar og tryggingsspolitisk samarbeid, i samsvar med erklæringa frå president Bush på det uformelle toppmøtet i Brussel 22. februar 2005. Dette engasjementet bind amerikanarane og dei 25 andre medlemslanda til ein konsensusprosess som gjev alle allierte innverknad. Dette er ikkje minst til beste for dei små- og mellomstore medlemslanda.

USA var framleis pådrivar for å utvide NATO-engasjementet på globalt plan. Det kom til uttrykk gjennom amerikanske initiativ for å setje sentrale utanriks- og tryggingsspolitiske spørsmål på dagsordenen, mellom anna Darfur og energitryggleik. Alliansen er i dag etter amerikansk syn eit naturleg forum for slik brei strategisk dialog. Dette skapte òg rom for USA til å øve press på allierte om å bidra meir, både i form av høgare forsvarsbudsjett og meir omfattande militære bidrag til operasjonane i alliansen.

Med sine auka ambisjonar på vegne av NATO stilte USA dei allierte overfor nye utfordringar. Det amerikanske ønsket om å utvide spekteret av operasjonar og oppgåver som alliansen skal ta på seg i ulike delar av verda, dels til støtte for eigne utanrikspolitiske prioriteringar, var ikkje ukontroversielt. Det såg ein blant anna i den amerikansk-initierte debatten om å styrkje dialogen og det operative samarbeidet mellom NATO og ikkje-medlemsland gjennom eit nytt globalt partnerskapsforum. Kriteriet for å delta i dette særlege samarbeidet skulle vere vilje og evne til å delta i NATO-operasjo-

nane. Frå amerikansk side blei det difor lagt spesiell vekt på å utvikle NATO-innsatsen innan trening og opplæring av andre lands militære styrkar og å styrkje samarbeidet med kontaktlanda.

Dei amerikanske ambisjonane vekte ulike reaksjonar på europeisk side. Storbritannia og enkelte andre medlemsland støtta dei. Dei fleste allierte, deriblant Noreg, helsa òg ein breiare politisk dialog mellom NATO og partnerane velkommen. Men samtidig var det skepsis hos mange europeiske allierte mot breidda i det politiske og operative engasjementet amerikanarane tok til orde for. Desse allierte var opptekne av å behalde og styrkje NATO og partnerskapane med utgangspunkt i dagens samarbeid. Dei uttrykte uro for at eit meir globalt anslag kunne føre til konflikt med andre organisasjonar og danne grunnlag for motsetningar mellom allierte som kunne gå ut over verdifellesskapen og alliansesolidariteten og svekkje NATO i evna til å fokusere på kjerneoppgåvene over tid.

Dei var òg urolege for at ein ved å leggje for stor vekt på evna hos partnerane til å bidra til NATO-operasjonane kunne forsømme andre delar av samarbeidet. Sterkare tilknytning til såkalla likesinna land over heile verda kunne lett føre til ytterlegare global polarisering. Vekta på operasjonar kunne lett medføre at partnerskapsrolla som verkemiddel til vidfemnande reform og ramme for ein transatlantisk verdifellesskap blei svekt. Også dei potensielle deltakarane i eit slikt globalt samarbeidsforum, som ikkje såg seg tente med nye formelle samarbeidsorgan, stilte seg avventande til forslaget.

Motstanden i alliansen mot dei amerikanske ambisjonane var òg forankra i eit ønske hos enkelte land om å styrkje den internasjonale rolla til EU, mellom anna i handteringa av tryggingsspolitiske utfordringar utanfor Europa. Dette var basert på ei oppleving av eit konkurranseforhold mellom NATO og EU. Frankrike var den fremste talsmannen for dette, støtta i ulik grad av land som Belgia, Spania, Hellas og Tyskland.

Vedtaka på Riga-møtet viste at USA var motta-keleg for innvendingar frå sine allierte. Denne

kompromissviljen stadfeste at det no blir lagt overordna vekt på å styrkje NATO som transatlantisk politisk og militært samarbeidsorgan.

Ei underliggjande usemje mellom USA og mange av dei allierte om FN og folkeretten som obligatorisk grunnlag for militær maktbruk, gjorde seg gjeldande i diskusjonane i alliansen også i 2006. Det kom òg fram ulike syn på det tenlege i og grunnlaget for å bruke militær makt for å løyse nye trygging utfordringar.

Det er positivt at USA vil arbeide gjennom multilaterale organisasjonar, FN medrekna. Men samtidig synest det klart at ein ikkje aktar å la dette gå ut over grunnleggjande amerikanske interesser eller NATO som det sentrale instrumentet for utøving av amerikanske strategiske interesser. USA støttar eit sterkt samarbeid mellom NATO og FN, men presiserer at det må skje på likeverdig grunnlag.

For at NATO skal vere truverdig, må organisasjonen stå fram som relevant for dei allierte på begge sider av Atlanterhavet. Dette stiller krav til vidare politisk og militær omstilling. Noreg la difor også i 2006 stor vekt på eit godt transatlantisk samarbeid, eit sterkt amerikansk engasjement og på at dei allierte må unngå å søkje løysingar utanfor allianserammene.

2.2 Samarbeidet med internasjonale organisasjonar og lokale aktørar

Behovet for å vidareutvikle samarbeid mellom NATO og andre internasjonale organisasjonar byggjer direkte på erfaringar frå dei operasjonane alliansen har teke på seg, spesielt i Kosovo og Afghanistan. Desse erfaringane viser tydeleg at stabilitet og utvikling i post-konflikt situasjonar krev samordna innsats frå det internasjonale samfunnet.

Stats- og regjeringssjefane i alliansen kom på toppmøtet i Riga fram til ei felles erkjenning av at utfordringane i dag tilseier ei brei tilnærming, som må omfatte både sivile og militære verkemiddel på alle nivå i planlegginga og gjennomføringa av ulike typar fredsoperasjonar.

Frå norsk side blei det lagt til grunn at auka samarbeid, særleg med FN og EU, er nødvendig for å sikre koordinering og effektiv arbeidsdeling. Noreg ønskjer ikkje at NATO skal utvikle egne kapasitetar, til dømes på det humanitære området, som dupliserer den innsatsen andre gjer, men dersom behovet melder seg bør alliansen kunne understøtte andre organisasjonars innsats, slik NATO gjorde saman med FN etter jordskjelvet i Pakistan.

I 2006 var Noreg difor ein pådrivar i NATO-arbeidet med å vidareutvikle forholdet til FN og EU. Det mest nærliggjande målet var å skape grunnlag for samordna internasjonal innsats i Afghanistan og Kosovo. Samarbeid med nasjonale styresmakter var òg tillagt stor vekt, både i debatten i alliansen og i sjølve utføringa av oppgåvene på bakken i Afghanistan. Ut frå det same synspunktet blei det frå norsk side arbeidd for å invitere deltakarar frå FN, EU og Verdsbanken, i tillegg til den afghanske utanriksministeren, til det uformelle utanriksministtermøtet i NATO 26. januar 2007 i Brussel, der utviklinga i Afghanistan skulle drøftast. Semja blant dei allierte om å invitere desse eksterne deltakarane viste at det no er brei konsensus i NATO om den tilnærminga til Afghanistan som er forefakta frå norsk side.

2.2.1 Samarbeidet mellom NATO og EU

Behovet for å styrkje samarbeidet mellom NATO og EU var tiltakande i 2006. Særleg gjeld dette reelle politiske konsultasjonar om felles innsats i konfliktområde og kriser der begge organisasjonane har ei rolle, slik det er i Afghanistan og Kosovo. Både NATO og EU støttar dessutan AU-operasjonen i Darfur (AMIS). Med Romania og Bulgaria som nye EU-land frå årsskiftet 2006–2007, er 21 av 26 allierte EU-medlemmer. Dette aktualiserte behovet for samarbeid, mellom anna for å unngå dobbeltarbeid og konkurranse mellom organisasjonane.

FN-sjefsforhandlar Martti Ahtisaari har ved fleire høve teke til orde for samarbeid og arbeidsdeling mellom NATO og EU i oppbygginga av nye multietniske tryggingssstrukturar i Kosovo. Trass i dei opplagde behova og den felles interessa av å utforme effektive krisehandterings- og fredsoperasjonar, var dialogen mellom NATO og EU i 2006 paradoksalt nok framleis avgrensa til informasjonsutveksling om samarbeid rundt den EU-leidde stabiliseringsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina og tekniske konsultasjonar om utviklinga av militære kapasitetar. Samstundes er det teikn til at situasjonen i Kosovo tvingar frem meir samarbeid mellom NATO og EU, no som EU blir ny hovudaktør når FN trekkjer seg ut.

Det er fleire årsaker til mangelen på openheit og samarbeid. Mindretalet av EU-landa vil redusere den amerikanske innverknaden på europeisk tryggingsspolitikk, og søkjer å avgrense samarbeidet av omsyn til EUs egne tryggingsspolitiske ambisjonar.

Frå norsk side blei det lagt vekt på at eit godt samarbeid mellom NATO og EU er viktig både for

tryggleiken i Europa og for evna hos dei allierte til å støtte opp om fred og stabilitet utanfor det europeiske kontinentet. Samtidig var Noreg knytt tett opp til det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet (ESDP) i EU. Den militære deltakinga i den EU-leidde styrken i Bosnia-Hercegovina blei vida-reført i 2006. Noreg fekk òg ytterlegare tilknytingspunkt til ESDP gjennom deltakinga i den nordiske innsatsstyrken på inntil 1500 soldatar som skal vere klar til innsats frå første halvår 2008, og gjennom den bilaterale avtalen med EU-organet for samarbeid om forsvarsmateriell, European Defence Agency (EDA).

2.2.2 Samarbeidet med FN

Samarbeidet mellom NATO og FN fungerte godt på bakken i 2006. Operasjonane under FN-mandat i Afghanistan og Kosovo er eksempel på dette. I tillegg skapte NATO-støtta i Darfur og hjelpeinnsatsen etter jordskjelvkatastrofen i Pakistan nye berøringspunkt mellom dei to organisasjonane. Denne bistanden frå NATO blei høgt verdsett i FN systemet.

I 2006 arbeidde Noreg og enkelte andre allierte aktivt for å få til eit tettare samarbeid mellom dei to organisasjonane. Det var likevel tydeleg at dei prinsipielle motførestillingane mot eit for tett forhold til NATO framleis var levande i vide krinsar i FN. Også enkelte allierte land såg seg av ulike grunnar best tente med eit avgrensa samarbeid. Som tidlegare år utvikla den politiske dialogen mellom hovudkvartera seg difor lite i 2006.

Møtet mellom den nye generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon, og NATO-rådet 24. januar 2007 kan bere bod om ein vilje til å styrkje kontakten. Sett frå norsk side er slike gjestingar gledelege, men det står att å sjå kva som kan komme ut av det i form av konkret samarbeid mellom dei to organisasjonane.

2.2.3 Samarbeidet mellom NATO og Den afrikanske unionen (AU)

Våren 2005 innleidde NATO eit samarbeid med Den afrikanske unionen (AU), som blei vidareført i 2006. Møtet mellom president Konaré i AU-kommisjonen og NATO-rådet 4. mai 2005 markerte

innleiinga til det første NATO-engasjementet på det afrikanske kontinentet. Utgangspunktet for støtta til AU var ei oppmoding frå april 2005 om bistand til å transportere styrkar frå afrikanske land til AU-operasjonen «African Union Mission in Sudan» (AMIS) i Darfur. Seinare vart det òg innleidd eit avgrensa samarbeid om opplæring og andre kapasitetsbyggjande tiltak for afrikanske offiserar som deltek i Darfur-operasjonen.

Støtta til AU-operasjonen i Darfur blei vidareført i 2006 med ytterlegare flytransport av AMIS-styrkar til Darfur og opplæring av AU-offiserar ved operasjonssentralen i Addis Abeba og ved hovudkvarteret for AMIS i El Fasher i Darfur. NATO og EU koordinerte sine respektive støttebidrag. På førespurnad frå AU i november 2006 blei det vedteke at alliansen skulle vidareføre rolla si i Darfur til ut juni 2007.

NATO-samarbeidet med AU var heile tida koordinert med EU. På overflata var det brei semje i NATO om behovet for å yte støtte til AU. Men samarbeidet vart i praksis prega av at somme allierte ville gie NATO ei meir avgrensa rolle i Afrika, til fordel for eit breiare EU-engasjement.

Gjennom NATO medverka Noreg i 2006 til transport av militære styrkar og politipersonell til AMIS. Den norske ambassaden i Addis Abeba heldt fram som sivilt NATO-kontaktpunkt for AU. I denne funksjonen arbeidde ambassaden side om side med det militære sambandselementet i NATO, og medverka dermed til den daglege kontakten mellom NATO og AU. At Noreg i ei årrekkje har støtta AU i arbeidet for fred og tryggleik, har skapt kontaktar og eit truverde som har vist seg å komme til nytte i denne rolla.

2.2.4 Samarbeidet med OSSE

Samarbeidet mellom NATO og OSSE blei vidareført på det politiske og praktiske planet i 2006. Kontakten var spesielt tett på Vest-Balkan, med vekt på Kosovo, og i Bosnia-Hercegovina. Dialogen på andre område der dei to organisasjonane er engasjerte, blei vidareutvikla. Dette omfatta land i Sentral-Asia og Sør-Kaukasus, og Moldova, der begge organisasjonane har konkrete og ofte tilstøytande prosjekt.

3 NATO-operasjoner og norsk engasjement

3.1 Afghanistan

Den FN-mandaterte ISAF-operasjonen i Afghanistan var den største og viktigaste allianseoperasjonen i 2006. I løpet av året vart ISAF utvida til å omfatte heile landet. Den 31. juli tok NATO-styrkane såleis ansvaret for trygging- og stabiliseringsoperasjonen i det sørlege Afghanistan, mens ansvaret i den austlege delen av landet blei overteke 5. oktober.

Utvidinga stilte NATO overfor ein ny og atskilleg meir krevjande tryggingssituasjon. Taliban og andre væpna grupper stod sterkare i dei sørlege og spesielt dei austlege delane av landet enn i dei områda der NATO tidlegare hadde hatt ansvaret. Talet på angrep mot ISAF og afghanske tryggingstyrkar auka.

Etter utvidinga tel ISAF omlag 35 000 soldatar. Vesentlege styrkar frå den amerikansk-leidde koalisjonsstyrken («Operation Enduring Freedom») blei overførte til ISAF ved utvidinga til det austlege Afghanistan. I tillegg til dei allierte deltok ei rekkje andre land i ISAF i 2006. Ved årsskiftet 2006–2007 var totalt 37 land direkte involverte i operasjonen, mellom anna partnerlanda Sverige og Finland og kontaktlanda Australia og New Zealand.

På toppmøtet i Riga var det eit viktig tema at dei militære NATO-leiarane måtte disponere tilstrekkelege styrkar til å løyse oppdraget. Behovet for å fjerne nasjonale restriksjonar på korleis styrkar kunne disponerast, stod sentralt i diskusjonane også i 2006. I Riga forplikta stats- og regjeringssjefane seg til å stille tilstrekkelige styrkar og å gje desse den nødvendige fleksibiliteten.

Samtidig var det aukande merksemd om behovet for betre balanse mellom sivile og militære verkemiddel. Dei militære utfordringane alliansen blei stilt overfor i det sørlege Afghanistan, førte såleis til auka forståing for at utfordringane ikkje kunne løysast med militære middel aleine.

Noreg tok på seg ei pådrivarrolle i arbeidet med å vidareutvikle den samla internasjonale innsatsen til støtte for den afghanske regjeringa. På det uformelle utanriksministermøtet i New York 21.–22. september 2006 vart det teke til orde for å rette merksemda meir mot behovet for auka

utviklingsinnsats og betre koordinering. FN måtte etter norsk syn ha den overordna koordinerande rolla.

Før toppmøtet i Riga følgde utanriksminister Støre opp med eit brev til utanriksministrane i landa som stiller mannskap til ISAF og til enkelte internasjonale organisasjonar. Behovet for ein meir heilskapleg og betre koordinert innsats i Afghanistan blei vektlagt. Det blei òg understreka at det internasjonale samfunnet berre kunne lukkast dersom trygging utfordringane i langt sterkare grad vart sette i samanheng med innsatsen for gjenreising og utvikling. Frå norsk side blei det òg presisert at partnerane måtte styrkjast i evna til å medverke i eit forpliktande internasjonalt samarbeid og i NATO-leidde operasjonar.

Når stats- og regjeringssjefane i Riga var samde om verdien av ein heilskapleg strategi for Afghanistan, var dette i samsvar med den norske haldninga. Desse tankane spegla seg òg i den nye amerikanske strategien for innsatsen i Afghanistan som blei lagd fram før det uformelle utanriksministermøtet i Brussel 26. januar 2007. Det norske initiativet har såleis fungert som ei rettesnor for konsultasjonane i alliansen før og etter toppmøtet i Riga.

Som ein naturleg del av det opptrappa NATO-ansvaret i Afghanistan i 2006 vart det lagt vekt på opplæring og utrusting av den afghanske hæren. På toppmøtet i Riga var det semje om at dei afghanske tryggingstyrkane har eit stort behov for opplæring med tanke på at dei etter kvart skal overta tryggingansvaret i eige land, og at dei allierte bidraga til dette måtte styrkjast ytterlegare.

Konsultasjonane om Afghanistan reflekterte òg stor semje om at trygging utfordringane i landet er grenseoverskridande. Samarbeid med nabo-landa er difor viktig. Taliban har sitt kjerneområde i grenseområda mellom det søraustlege Afghanistan og Pakistan. Det er òg kontakt med pakistanske styresmakter på høgt politisk og militært nivå. I januar 2007 møtte den pakistanske statsministeren Aziz NATO-rådet.

Hausten 2006 overtok ISAF ansvaret for den såkalla trepartskommisjonen, eit militært samarbeid der ISAF, Pakistan og Afghanistan deltek. For-

målet er å etablere eit tillitsbasert samarbeid om grensekontroll og etterretningsutveksling. Ei felles etterretningscelle er etablert i ISAF-hovudkvarteret, og ISAF har ved fleire høve gjennomført felles operasjonar med den pakistanske hæren.

Narkotikaproblemet i Afghanistan var framleis ei stor utfordring. Både produksjon og smugling nådde nye høgder i 2006. Over 90 % av heroinen som blir omsett i Noreg og andre europeiske land, kjem frå Afghanistan. Utbreidd korrupsjon og mangel på alternative levevegar for den fattige jordbruksbefolkninga førte også i 2006 til at det var liten framgang i kampen mot problemet.

ISAF har likevel ei svært avgrensa rolle i kampen mot narkotika. Frå norsk side blei det hevda at ei militær tilnærming til eit problem av slike dimensjonar ikkje er det rette. Afghanarane må sjølve slå tilbake dette vondet med støtte frå det internasjonale samfunnet. Utviklinga av alternative levevegar må stå sentralt.

Noreg hadde ved utgangen av 2006 omlag 550 soldatar i Afghanistan. Tyngdepunktet låg i byen Mazar-i-Sharif i Balkh-provinsen i den nordlege delen av landet. I Mazar-i-Sharif bidrog Noreg blant anna med ein hurtigreaksjonsstyrke, sanitetspersonell¹ og eit logistikelement. Noreg stilte dessutan ni offiserar til eit såkalla «Operational Mentoring and Liaison Team» (OMLT), som trenar, gjev råd og fungerer som mentorar for den afghanske hæren (ANA). Vidare medverka Noreg med fire F-16 kampfly i ein periode på tre månader våren 2006.

I 2006 utgjorde den norske humanitær- og utviklingsbistanden til Afghanistan om lag 350 millionar kroner. Det er planar om å auke denne bistanden vesentleg i 2007, til minst 450 millionar kroner, noko som gjer Afghanistan til ein av dei største mottakarane av norsk bistand.

Også innsatsen i Faryab-provinsen, der Noreg leier eit såkalla regionalt gjenreisningsteam («Provincial Reconstruction Team» – PRT), blei trappa vesentleg opp.

Det norskkleidde gjenreisningsteamet i Meymaneh medverka til tryggleik og stabilitet i området i samarbeid med afghanske tryggingstyrkar og styresmakter. Dette gjorde òg at dei sivile hjelpeorganisasjonane kunne yte ein innsats. Det spela ei viktig rolle i arbeidet med å skaffe fram forsyningar og medisinsk utstyr i samband med flommen som råka Faryab i november 2006. Også Finland og Latvia bidrog med personell til det norskkleidde gjenreisningsteamet.

Det alvorlege åtak gjenreisningsteamet vart utsett for 7. februar 2006, illustrerte risikoen som knytter seg til engasjementet og behovet for at ISAF har både styrkane og fleksibiliteten som trengst for å tryggje mannskapet.² Etter denne episoden er teamet forsterka. Ein ny leir er under bygging og skal vere klar i juni 2007. Noreg har òg vore med og bygd opp ein permanent leir for afghanske hærstyrkar i Meymaneh.

Våren 2006 arbeidde NATO for å få på plass ein avtale med afghanske styresmakter om overlevering av fangar frå ISAF. Det lét seg likevel ikkje gjere å komme til semje om ein slik avtale allierte imellom. Noreg og ei rekkje andre allierte tok konsekvensen av dette, og har no eigne bilaterale avtalar med afghanske styresmakter. I desse avtalane forpliktar afghanske styresmakter seg til å behandle overleverte fangar i samsvar med folkeretten og garantere at ingen blir utsett for dødsstraff. Forsvarsministeren signerte avtalen mellom Noreg og Afghanistan i Kabul 16. oktober 2006.

3.2 Balkan

Utviklinga i Kosovo var i 2006 prega av at spesialutsendingen frå FN, Martti Ahtisaari, i juli sette i gang forhandlingane med dei serbiske styresmakterne og interimsgjeringa Kosovo om provinsens framtidige status. Etter ein lite fruktbar forhandlingsperiode hadde partane ved utgangen av året framleis ulike syn på spørsmålet. Ahtisaari ønskte likevel ikkje at arbeidet skulle stanse opp, og presenterte sitt forslag for partane 2. februar 2007. Der gjekk han i praksis inn for gradvis overgang til sjølvstende for Kosovo.

Styresmaktene i Beograd markerte sterk og unison motstand mot eit uavhengig Kosovo, og tok til orde for «meir enn autonomi, mindre enn sjølvstende». Serbarane ville ikkje godta ei løysing som ikkje var framforhandla. På kosovoalbansk side meinte ein like sterkt og unisont at statusprosessen berre kunne ha eitt akseptabelt utfall, nemleg sjølvstende.

FN har vedteke særlege «standardar» for utviklinga i Kosovo, spesielt med omsyn til situasjonen for minoritetane og respekt for lov og orden. Desse standardane er enno ikkje tilfredsstillande gjennomførte, men interimsgjeringa har komme eit godt stykke på veg med iverksetjinga av ei rekkje tiltak som blant anna tek sikte på å verne den kosovoserbiske minoriteten i provinsen. Kor vidt desse

¹ Kommentar: norsk bidrag med sanitetspersonell berre til mars 2007.

² Kommentar: då ein britisk hurtigreaksjonsstyrke kom til, var situasjonen alt avklara.

standardane verkeleg blir gjennomførte, vil ha mykje å seie for den vidare prosessen fram mot ei mogeleg forhandlingsløyning på statusproblematikken.

Noreg understreka betydinga av at den kommande statusavgjersla blir utforma og gjennomført på ein slik måte at demokratiet og respekten for rettsstatsprinsipp og multietnisitet blir styrkt og stabiliteten i regionen aukar, også på lengre sikt. Rettane til alle grupper og individ må sikrast, slik at kosovoserbarane ser det i sin interesse å bli buande i Kosovo. Noreg har òg vore opptekne av at det internasjonale samfunnet må stå samla i si tilnærming til Kosovo, og at ein må unngå ei langvarig utsetjing som kan føre til sterk utålmod og meir ustabilitet i området.

Hovudoppgåva til den NATO-leidde styrken i Kosovo (KFOR) var som før: stabilisering av provinsen og assistanse til FN-administrasjonen (UNMIK). KFOR omfatta rundt 16 000 soldatar ved utgangen av året.

I den viktige fasen Kosovo er inne i, med ei mogeleg avklaring av framtidig status i løpet av første halvdel av 2007, er dei allierte samde om å oppretthalde dette styrketalet og oppgåvene til styrken. Etter forslaget frå Ahtisaari skal NATO framleis ha ansvaret for den ytre tryggleiken og tryggleiken til minoritetane, mens EU skal overta oppgåvene til UNMIK når det gjeld lov og orden.

Sidan hausten 2006 har KFOR operert med ein såkalla «Task Force»-struktur med robuste og mobile styrkar direkte underordna leiaren for heile operasjonsområdet, i staden for fleire brigadar med kvar sitt geografiske ansvarsområde. Dette har skapt ein fleksibel struktur som gjer det mogeleg å disponere styrkane meir effektivt. Det norske bidraget til KFOR utgjorde i 2006 stabsoffiserar i KFOR-hovudkvarteret og eit mindre etterretnings-element. Særleg det sistnemnde er høgt verdsett av KFOR-leiinga, som bad spesielt om at det blei vidareført.

EU vidareførte i 2006 sitt militære engasjement i Bosnia-Hercegovina («Operation Althea»). Den EU-leidde styrken (EUFOR) talde rundt 6000 soldatar. Operasjonen byggjer på dei såkalla «Berlin pluss»-ordningane, som opnar for NATO-støtte til militære operasjonar som EU planlegg og leier. Under denne ordninga leier den militære nestkommanderande for NATO i Europa (DSACEUR) EU-operasjonen. Parallelt med EU-engasjementet vart NATO-nærværet i Bosnia-Hercegovina vidareført med eit hovudkvarter i Sarajevo som konsentrerte seg om å yte assistanse til forsvarsreformer og førebu landet betre på å delta i partnersamarbeid med NATO. Alliansen støtta dessutan EU med

etterretning og i arbeidet med å spore opp personar som er ettersøkte av Den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Det norske bidraget i Bosnia-Hercegovina omfatta i 2006 stabsoffiserar til NATO-hovudkvarteret i Sarajevo og eit feltsambandsteam («Liaison and Observation Team» – LOT) til EUFOR.

3.3 Irak

Treningsoppdraget i Irak (NTM-I) blei oppretta av NATO-toppmøtet i Istanbul 28.–29. juni 2004. NTM-I skal gjennom opplæring bidra til at irakiske tryggingssstyrkar på sikt blir i stand til å ta ansvar for tryggleiken i eige land. Opplæringa omfattar m.a. leiings- og kommandofunksjonar, samarbeid mellom forsvar og politi, demokratisk kontroll med irakiske styrkar, budsjettkontroll og internasjonal humanitær rett.

Alle allierte bidrog til treningsoppdraget i 2006, anten gjennom deltaking med personell til opplæring i Irak, støtte til treningsaktivitetar utanfor Irak eller finansielle bidrag til opplæring eller materiellstøtte til den irakiske hæren. Ein del av opplæringsverksemda til NTM-I går føre seg ved NATO-institusjonar utanfor Irak, mellom anna ved «Joint Warfare Centre» (JWC) i Stavanger.

Noreg medverka i 2006 økonomisk til NATO-støttefondet for Irak og bilaterale treningsprogram i Noreg. Programmet omfatta menneskerettar, leiarutdanning, logistikk, etterretning og internasjonal humanitær rett.

3.4 NATO-operasjonen i Middelhavet

Patruljerings- og overvakingsoperasjonen for skipstrafikken i Middelhavet («Operation Active Endeavor» – OAE) blei vidareført i 2006. OAE er basert på artikkel 5 i Atlanterhavspakta, og blei sett i verk som ei følgje av angrepet på USA 11. september 2001. I dette låg at angrepet på USA blei sett på som eit angrep mot alle allierte. Operasjonen er ein del av den pågåande kampen NATO fører mot internasjonal terrorisme og spreiking av masseødeleggingsvåpen.

NATO-nærværet i Middelhavet hindrar mellom anna at skipsleiene blir brukte til terrorformål. Allierte skip utfører overvakingsovervåkings- og eskorteoppdrag. Basert på etterretning og samtykke frå flaggstat og kaptein utfører NATO i nokre tilfelle boarding av skip.

Dei allierte arbeidde i 2006 for å gjere OAE meir robust, mellom anna ved å søkje å få fleire

flaggstatar til å støtte opp om operasjonen. OAE har òg vist seg som ein nyttig arena for å engasjere partnerland i operativ aktivitet. Eit russisk marinefartøy opererte ei tid saman med NATO-fartøy i operasjonen, og gav bod om at det er potensial for å utvikle eit operativt militært samarbeid innanfor rammene av NATO–Russland-rådet. Ukraina forplikta seg i 2006 til å stille med to korvettar i 2007.

Som det første landet i Middelhavsdialogen signerte Israel i 2006 ein avtale med NATO om å medverke til OAE, utan at bidraget skal vere operativt. Fleire andre land i Middelhavsdialogen har signali-

sert interesse for å delta i operasjonen. Partnerbidraga styrkjer det militære samarbeidet mellom NATO og partnerlanda, i tillegg til at de understrekar den primære antiterrorfunksjonen til operasjonen.

Noreg deltok i operasjonen frå oktober til desember med eit Orion overvakingsfly. I tillegg blei operasjonen støtta med ein ubåt i elleve veker våren 2006, og fire missiltorpedobåtar (MTB) var i beredskap frå august til desember. Frå norsk side har vi tidlegare delteke med ubåtar, fregattar, missiltorpedobåtar og overvakingsfly.

4 Den sivile dimensjonen

4.1 NATO som humanitær aktør

Med hjelpeinnsatsen etter orkanen Katrina i USA i september 2005 og jordskjelvskatastrofen i Pakistan fram til februar 2006, var NATO for første gong direkte involvert i humanitære hjelpeoperasjonar. Jordskjelvskatastrofen førte òg til at element frå hurtigreaksjonsstyrken NRF for første gong blei tekne i bruk. Støtta til FN og Pakistan gjekk i hovudsak ut på lufttransport av materiell for FNs høgkommissær for flyktingar (UNHCR) og FNs matvareprogram (WFP), i tillegg til utplassering av feltsjukehus og ingeniørstyrkar. Den humanitære innsatsen blei høgt verdsett av pakistanske styresmakter, og viste at NATO kan spele ei rolle som humanitær aktør.

NATO-innsatsen i Pakistan førte til ein debatt om kva rolle alliansen skal ha i humanitære kriser. Somme allierte stilte seg skeptiske til ei slik rolle, i tråd med ein generell motvilje mot at NATO skal ta på seg anna enn reint militære oppgåver. Det store fleirtalet meinte likevel at NATO må kunne stille ressursar til rådvelde dersom alliansen kan vere med på å redde liv og redusere lidingar ved katastrofar av større omfang.

Frå norsk side blei det ytt eit bidrag på 10 millionar kroner til finansiering av flytransporten. Det blei likevel òg lagt vekt på at NATO ikkje skal utvikle eigne kapasitetar på det humanitære området, sidan det kan innebære duplisering av den innsatsen FN og andre sivile aktørar gjer, eller som andre aktørar kan gjere billegare. Humanitær innsats er såleis ei grunnleggjande sivil oppgåve der FN bør ha den sentrale koordineringsrolla.

Ved større humanitære katastrofar kan det likevel vere nødvendig med bidrag også frå internasjonale militære styrkar. Innsatsen må vere i tråd med etablerte retningslinjer og koordinert av FN. Alliansen kan i slike tilfelle støtte og yte komplementære bidrag. Men premissen må vere at innsatsen blir leidd av FN og blir koordinert med andre bidragsytarar, mellom anna dei humanitære hjelpeorganisasjonane. Han må gje meirverdi i det samla hjelpearbeidet og skje i nært samarbeid med styresmaktene i landet som er ramma.

4.2 Sivil beredskap

Samarbeidet om sivil beredskap i NATO og Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) har som hovudformål å oppnå mest mogeleg effektiv bruk av nasjonale sivile ressursar for å støtte opp om dei strategiske allianseoppgåvene, og å verne sivilbefolkninga i allierte land og partnerland ved kriser, krig eller terroråtak. Sivil beredskap er det største ikkje-militære programmet innan EAPC, og omfattar mellom anna katastrofeberedskap, retningslinjer for bruk av sivile ressursar ved militær krisehandtering, sivile sider ved militær krisehandtering og humanitær bistand etter katastrofar. Det sivile beredskapsmiljøet i NATO er aktivt med når alliansen yter bidrag etter humanitære katastrofar, som etter jordskjelvskatastrofen i Pakistan.

Noreg bidrog i 2006 aktivt til å fullføre felles retningslinjer som vil styrkje medlemslanda i EAPC i handteringa av kjemiske, biologiske, radioaktive og kjernefysiske åtak og ulukker. Ein vellukka konferanse om dette blei halden i Oslo 18.–20. oktober 2006. Frå norsk side er det òg arbeidd aktivt for å styrkje vernet av kritisk infrastruktur i allierte land i 2006. Det sivile beredskapsmiljøet i NATO har òg arbeidd for å følgje opp vedtaka om at sivile ressursar skal sjåast i samanheng med dei militære ved planlegging og gjennomføring av militære operasjonar, men intensjonane om ein slik praksis er enno ikkje fullt ut realiserte.

4.3 Vern av kritisk energiinfrastruktur

Etter usemja mellom Ukraina og Russland om gassleveransar tidleg i 2006 oppstod det ein debatt i NATO om ei mogeleg rolle for alliansen på energitryggingsområdet. Debatten var prega av divergerande synspunkt på kva ein slik rolle skulle vere. På toppmøtet i Riga understreka stats- og regjeringssjefane såleis at sikker energitilgang er eit spørsmål som rører ved allierte tryggingsinteresser. Dei retta søkjelyset mot ei mogeleg rolle for NATO når det gjeld vern av kritisk energiinfrastruktur, men dei hevdar at ei slik rolle må tilpassast

innsatsen til andre internasjonale aktører og nasjonale styresmakter for å gje reell meirverdi.

Dei allierte har også etter Riga hatt ulike synspunkt på kva for ein rolle NATO skal ha innan energitryggleik. Med dei interessene Noreg har på olje- og energiområdet, ønskjer vi å styre merksemda i ei meir praktisk lei med vektlegging av kva rolle

NATO kan spele i vernet av kritisk infrastruktur og konsultasjonar om korleis alliansen kan støtte opp om annan internasjonal og nasjonal innsats innan energitryggleik. Noreg ser det òg som viktig at energitryggleik er eit berøringspunkt med Russland og bør opne for praktisk samarbeid gjennom NATO-Russland-rådet (NRC).

5 Partnarsamarbeidet

NATO samarbeider i dag med ei rekkje ikkje-medlemsland, også utanfor det transatlantiske området. Målet for samarbeidet er å gjere både alliansen og partnerlanda betre skikka til å møte aktuelle felles trygging utfordringar. Partnerane spelar etter kvart ei uunnverleg rolle i NATO-operasjonane. Ved årsskiftet 2006–2007 deltok 18 partnerland med rundt 10 % av dei samla styrkane i desse operasjonane.

Støtte til tryggingssktor- og forsvarsreform i partnerlanda er òg eit viktig alliansebidrag til transatlantisk tryggleik og stabilitet. Framfor alt inneber krava og forventningane frå NATO at demokratisering og reformer blir sette på dagsordenen og gjennomførte i partnerlanda. Det gjer at det gradvis er bygd opp ein felles transatlantisk verdifelleskap som no utgjer grunnlaget for samarbeidet mellom NATO og dei ulike partnargrupperingane. Å styrkje denne fellesskapen er ei av dei langsiktige utfordringane i den vidare utviklinga av NATO-partnarskapane, og det same er behovet for å setje partnerane betre i stand til å delta i allianseoperasjonar.

NATO-utvidingane og den ulike reformtakta i dei aktuelle landa har ført til at dei attverande partnargrupperingane er blitt meir ueinsarta. Fram mot Riga-toppmøtet var det difor alt i alt brei semje om behovet for å samkøyre og rasjonalisere partnerstrukturane og samtidig gjere samarbeidet meir fleksibelt og tilpassa behova i dei ulike partnerlanda. Gjennomgangen av ordningane som blei innleidd i 2005, vart difor vidareført fram mot toppmøtet i Riga.

På dette møtet fatta stats- og regjeringssjefane sentrale vedtak som er retningsgjevande for den vidare utviklinga av partnarskapane og opnar for meir fleksible konsultasjonar mellom NATO og enkeltland eller grupper av partnarar. Dei ulike praktiske samarbeidsverktøya som til no for ein stor del har vore tilgjengelege berre for partnerane i det euroatlantiske området, blir no opna også for andre partnarar, som dermed kan halde fram med sine eigne militære reformer med auka styrke. Samla sett inneber desse endringane ei nødvendig rasjonalisering og samordning av partnarsamarbeidet, samtidig som dei mest verdifulle elementa

når det gjeld bistand til reform og auka evne til å støtte NATO-operasjonar blir vidareførte med forny kraft.

5.1 Euroatlantisk partnarskapsråd (EAPC)

EAPC er eit politisk dialogforum med 49 medlemmer som møtest for å diskutere felles tryggingsspolitiske utfordringar i ein NATO-partnarskapskontekst. I tillegg til dei allierte omfattar EAPC i hovudsak fem grupper land. Det er dei tre kandidatlanda på det vestlege Balkan (Albania, Kroatia og Makedonia) som deltek i NATO-medlemskapsprogrammet «Membership Action Plan» (MAP), dei tre nye deltakarane i Partnerskap for fred (PFP) (Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro), dei tre landa i Sør-Kaukasus (Armenia, Aserbajdsjan og Georgia) som har individuelle samarbeidsprogram med NATO, partnerlanda i Sentral-Asia (Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan) og dei alliansefrie vesteuropeiske partnarane (Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige). Medlemmene i EAPC utgjer såleis ei svært ueinsarta gruppe. Difor er det vanskeleg å finne eit minste felles multiplum i samarbeidet, og ei stor utfordring å tilføre det den politiske substansen det treng. Det er gjort ei rekkje forsøk på å rette på desse manglane, blant anna gjennom ei større vektlegging av den regionale dimensjonen i samarbeidet med dei ulike partnerlanda.

5.2 Regional tilnærming til Balkan

For å hindre at utvidingsprosessen med dei tre kandidatlanda på Balkan (Kroatia, Makedonia og Albania) skulle skape nye skiljelinjer på Balkan, heldt Noreg i 2006 fram med å arbeide for at NATO skulle leggje eit regionalt, overordna perspektiv til grunn overfor alle landa på Vest-Balkan.

Frå norsk side blir det lagt stor vekt på å ansvarleggjere Serbia og Bosnia-Hercegovina når det gjeld å etterkomme krava frå FN's internasjonale

nale krigsforbrytardomstol for det tidlegare Jugoslavia. Men Noreg hevda at det i eit strategisk perspektiv var behov for å integrere Serbia og dei andre landa i regionen som ikkje var medlemmer av «Membership Action Plan» (MAP) i dei euroatlantiske samarbeidsstrukturane. Med dette ville ein etter norsk syn unngå at enkelte land blei isolerte mens regionen elles blei trekt nærmare NATO og EU. Etter norsk syn ville ein slik isolasjon også styrkje dei radikale nasjonalistiske kreftene i Serbia framfor valet i januar 2007, og dermed gjere statusforhandlingane om Kosovo endå vanskelegare.

Fram mot toppmøtet arbeidde difor Noreg, saman med likesinna allierte og på andre arenaer, for at Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro skulle få høve til å bli med i EAPC og PFP. På toppmøtet i Riga fekk denne linja fullt gjennomslag. Men samtidig understreka stats- og regjeringssjefane at kravet om fullt samarbeid med krigsforbrytardomstolen i Haag stod ved lag, og at NATO ville følgje nøye med på samarbeidet framover.

Bilateralt støtta Noreg Serbia (Serbia og Montenegro fram til juli 2006) på ei rekkje område. Etter norsk forslag vart det i februar 2006 oppretta ei formell ramme for samarbeidet mellom NATO og Serbia på området forsvarsreform. Med Noreg som pådrivar blei ein langtidsplan for forsvaret i Serbia sett i verk. Dette arbeidet var kontinuerleg samordna med NATO-sekretariatet. Vidare var Noreg aktivt involvert i dialogen mellom NATO og lokale styresmakter, spesielt gjennom ansvaret for kontaktambassaden for NATO i Beograd.

Noreg heldt òg fram i si leiarrolle i NATO-støttefondet for hjelp til serbisk militært personell som blir overflødig på grunn av omlegging og nedbemanning i forsvaret. Noreg er det landet som gjev mest til dette fondet, som ei rekkje allierte land er bidragsytarar til.

Den 1. januar 2007 overtok Noreg kontaktambassadevervet for NATO i Sarajevo. I den rolla blir det ei viktig oppgåve å medverke til at Bosnia-Hercegovina blir best mogeleg integrert i partnerskapsmekanismene i PFP og får mest mogeleg ut av dei. Ei anna prioritert oppgåve blir å gjere det klart for styresmaktene i Sarajevo at NATO-krava om vidare forsvarsreformer, konsolidering av statsstrukturane og samarbeid med ICTY står ved lag.

5.3 Partnerane i Kaukasus og Sentral-Asia

Dei tre partnerlanda i Sør-Kaukasus (Aserbajdsjan, Armenia og Georgia) uttrykte også i 2006 klar poli-

tisk vilje til å knyte seg tettare til dei europeiske og transatlantiske strukturane. Ein svært viktig kanal for samarbeidet med desse landa er dei individuelle handlingsplanane NATO har med dei. For Georgia blei denne planen utvida med den såkalla intensiverte dialogen som landet fekk etablert med NATO i 2006. Gjennom desse handlingsplanane blir det sett klare krav og tidslinjer for reformarbeidet, også utover tryggingssektoren.

Av dei sentralasiatiske landa har NATO dei siste åra hatt størst framgang i samarbeidet med Kasakhstan, noko som m.a. har ført til viktige forsvarsreformer. Med unntak av Usbekistan deltok alle landa i ulike partnerskapsaktivitetar i 2006. NATO reagerte sterkt på den brutale måten usbekiske styresmakter gjekk fram på under demonstrasjonane i Andijan i mai 2005, og vedtok å nedjustere det praktiske samarbeidet. Usbekistan valde då å la vere å delta på fleire EAPC-møte. I januar 2007 møtte Usbekistan likevel i EAPC på nytt. NATO tok då opp til vurdering kva praktiske aktivitetar det er tenleg å tilby landet i tida framover.

Hendingane i Andijan aktualiserte debatten om partnerskapen som instrument for demokratisk reform og forum for utbygging av ein transatlantisk verdifellesskap. Det var brei alliert semje om at NATO må reagere mot land som bryt grunnleggjande demokratiske prinsipp og menneskerettar. I samband med dette vart det òg ein debatt, utan endeleg konklusjon, om kor vidt partnerarar skulle kunne suspenderast frå samarbeidet.

På toppmøtet i Riga understreka stats- og regjeringssjefane verdigrunnlaget for partnerskapen som viktig, og uttrykte ei forventning frå alliansehald om at partnerarar etterlever dette. Men samtidig er det liten tvil om at mange allierte ser desse spørsmåla i eit breiare strategisk perspektiv, der mogelege konsekvensar for andre høgt prioriterte interesser spelar inn. I tilfellet Usbekistan var nok den mogelege effekten på operasjonane i Afghanistan viktig.

På norsk side følgde ein ei konsekvent linje i denne debatten. Det vart understreka at partnersamarbeidet først og fremst var grunnlagt på forventninga om ein demokratisk interessefellesskap, og at den kanskje viktigaste effekten av samarbeidet var nettopp presset i retning av demokratisk reform. Difor kunne alliansen heller ikkje la vere å reagere på tydelege brot på dei grunnleggjande verdiane. Slike hendingar som i Andijan måtte difor påtalast.

5.4 Dei vesteuropeiske partnerane

Dei vesteuropeiske landa, og då særleg Sverige, Finland, Sveits og Austerrike, står i ei særstilling i partnersamarbeidet. Dei har i lengre tid medverka vesentleg til NATO-operasjonane både på Balkan og i Afghanistan.

Noreg arbeidde også i 2006 for at NATO skulle styrkje samarbeidet med nettobidragssytarane blant partnerane, og var spesielt merksame på svenske og finske synspunkt i debatten om utviklinga av partnerskapen. Etter norsk syn var det nødvendig at NATO gav slike partnerar større tilgang til å delta i relevante politiske diskusjonar om den militære transformasjonsprosessen og korleis dei kan påverke NATO-leidde operasjonar som dei medverkar til. Samtidig var Noreg opptekne av at det var landa sjølve som måtte definere i kva omfang dei ønskte samarbeid med NATO. Vedtaka som blei fatta på toppmøtet i Riga, varetok for ein stor del desse omsyna.

5.5 Tilhøvet til Middelhavslanda og Midtausten

Med utgangspunkt i vedtaka frå toppmøtet i Istanbul i 2004 vart samarbeidet med partnerlanda i Middelhavsregionen og Midtausten vidareført i 2006. NATO har til mål å støtte reformprosessar i desse landa, spesielt i tryggingssektoren. Samtidig har samarbeidet sin bakgrunn i eit gjensidig ønske frå NATO- og partnerhald om å samarbeide i kampen mot terrorisme. Middelhavsdialogen (MD), som omfattar Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia, har hatt ei spesielt positiv utvikling dei siste åra. Særleg det praktiske samarbeidet er blitt utvikla og styrkt ved at dei sju landa i stadig aukande grad gjer seg nytte av ulike samarbeidsverktøy. Fleire av landa stilte styrkar til NATO-operasjonane i Kosovo og i Middelhavet i 2006.

Noreg har saman med Spania vore pådrivar i Middelhavsdialogen. Frå norsk side er det lagt vekt på å styrkje den politiske dimensjonen i samarbeidet, mellom anna med hyppigare møte på ministernivå.

Samarbeidet innanfor «Istanbul Cooperation Initiative» (ICI) vart etablert på toppmøtet i 2004. Kuwait, Dei sameinte arabiske emirata, Qatar og Bahrain deltek i initiativet. Samarbeidet er hovudsakleg av praktisk natur, og er basert på årlege samarbeidsprogram som omfattar aktivitetar innanfor m.a. kamp mot terrorisme, forsvarsreform, ikkje-spreiing, sivil beredskap og militært

samarbeid. I løpet av 2006 blei samarbeidsprogrammet utvida med fleire aktivitetar. Toppmøtet i Riga opna for at fleire av dei såkalla partnerverktøya for reform av forsvars- og tryggingssektoren som tidlegare var øyremerkte for land som deltek i PFP, òg kan gjerast tilgjengelege for MD- og ICI-land.

Saman med Italia og USA var Noreg initiativtakar for å styrkje NATOs treningsrolle i Middelhavs- og Midtaustenregionen framfor toppmøtet i Riga. Toppmøtet vedtok såleis å skreddarsy eit treningsopplegg tilpassa samarbeidet innanfor MD og ICI, basert på ønska og behova i dei ulike landa. Målet er å medverke til forsvarsreform og trening av tryggingssstyrkar i dei deltakande landa. På sikt kan det bli aktuelt å etablere eit permanent treningssenter i Midtausten dersom partnerlanda vil det. Intensjonen er at både NATO-personell og personell frå ICI og MD skal delta i dei ulike aktivitetane.

Frå norsk side vart det lagt spesiell vekt på nettopp lokal eigarskap og gjensidige relasjonar i opplæringa. Treningsinitiativet må sjåast på som eit tilbod frå NATO, ikkje som eit forsøk på å skaffe alliansen større innverknad i regionen.

5.6 Tilhøvet til kontaktlanda

NATO har i nokre år hatt ein uformell dialog med dei såkalla kontaktlanda, dvs. land utanfor Europa som ikkje deltek i dei formelle partnerstrukturane (særleg Australia, New Zealand, Japan og Sør-Korea). Dialogen med desse landa blei vidareført og intensivert i 2006, både gjennom møte i NATO-hovudkvarter og ved at generalsekretæren gjesta fleire av desse landa. I tillegg har NATO i ulik grad kontakt med ei rekkje andre land, mellom andre Mongolia, Kina, Pakistan, Argentina, Brasil, Colombia og Mexico. Nokre av desse yter endåtil bidrag til NATO-operasjonar.

Formålet med dialogen var opphavleg konsultasjonar om felles globale tryggingsutfordringar, men kontakten har gradvis fått ein meir operasjonell karakter, ikkje minst på bakgrunn av at alle dei aktuelle landa er engasjerte i Afghanistan i ei eller anna form. Kontakten er særleg tett med Australia og New Zealand, som no deltek med styrkar i ISAF.

På toppmøtet i Riga var det semje om å vidareutvikle samarbeidet også med kontaktlanda. Dei kan no få tilgang til partnerskapsverktøy og høve til auka politisk dialog med alliansen. Kontakten vil bli vidareført på dagens uformelle grunnlag og på basis av gjensidige politiske og praktiske behov.

Noreg støtta denne tilnærminga. Det blei frå norsk side særleg lagt vekt på at ein måtte unngå at NATO blei oppfatta som ein konkurrent til FN, samtidig som det var viktig at alliansen utvikla seg

i ei retning som sette han betre i stand til å ta på seg krevjande oppdrag, til dømes på oppmoding frå FN.

6 Debatten om NATO-utvidinga

Utvidingsdebatten fram mot toppmøtet i Riga dreia seg formelt berre om Albania, Kroatia og Makedonia, som alle deltek i medlemskapsprogrammet (MAP). På møtet i Riga fekk desse landa tilsegn om mogeleg invitasjon på det planlagde toppmøtet i 2008. Samtidig blei det understreka at medlemskap er prestasjonsbasert og knytt til iverksetjing av eit breitt sett reformer i forsvarssektoren, demokratisering og utbygging av rettsstaten. Vidare vil det bli lagt vekt på eit konstruktivt engasjement i regional samanheng, avklaring av grense- og etniske konfliktar og solid folkeleg oppslutnad om ein søknad om medlemskap. Frå norsk side vart det i tillegg lagt vekt på at kampen mot korrupsjon og menneskehandel måtte halde fram og at søkjarlanda måtte arbeide vidare for ein multietnisk samarbeidskultur.

Med signala frå toppmøtet fekk Kroatia, Albania og Makedonia eit perspektiv på tilnærminga til alliansen. Samtidig som NATO held døra open, vart det understreka at invitasjonane vil vere avhengige av at dei aktuelle kandidatane vidarefører dei reformene som er nødvendige for å kvalifisere seg for ein invitasjon. Det ligg såleis ikkje føre nokon garanti om utviding i 2008. Kor mange som eventuelt vil bli inviterte, blir avgjort etter ei samla politisk vurdering.

I lys av at prosessen med desse tre landa gjekk sin gang utan større dramatikk i 2006, kom mykje av den politiske merksemda til å gjelde dei to andre potensielle kandidatane til medlemskap, Georgia og Ukraina. Begge har no såkalla intensivert dialog med NATO, noko som opnar for eit breitt politisk og teknisk samarbeid som går utover det ordinære partnarsamarbeidet og kan vere eit forstadium til MAP-status.

Den intensiverte dialogen mellom Ukraina og NATO blei vidareført etter at statsminister Janukovitsj vann valet i mars 2006, men statsministeren gjorde det klart overfor NATO i september 2006 at Ukraina førebels hadde lagt ønsket om deltaking i MAP-programmet på is.

Fleire konkrete samarbeidsprosjekt som blei sette i gang som ledd i den intensiverte dialogen, blei likevel vidareførte uavhengig av denne utviklinga, særleg prosjekt for reform av tryggingssystemane. Alliansen hjelpte til på ei rekkje område, m.a. gjennom samarbeidet i arbeidsgruppa for forsvarsreform og ulike konkrete prosjekt.

Noreg støtta i 2006 eit nytt prosjekt for å auke kompetansen hos sivilt tilsette i det ukrainske forsvarsdepartementet og i ukrainske tryggingstrukturar. Noreg vil bidra både med økonomiske midlar og opplæringstilbod i samband med dette prosjektet også i 2007. Dessutan er det nyleg sett i gang fleire forsvarsrelaterte prosjekt i nordisk-baltisk samanheng, i nært samarbeid med NATO-liaisonkontoret i Kiev.

Den nye leiinga i Georgia har klart uttrykt ambisjonar om å bli teken opp som medlem i NATO i neste utvidingsrunde. NATO har lagt særleg vekt på at eit forsterka samarbeid vil krevje ytterlegare omfattande politiske, juridiske og forsvarsmessige reformer. Fleire har òg påpeika at dei territoriale stridsspørsmåla i landet – dei såkalla frosne konfliktane i Sør-Ossetia og Abkhazia – må avklarast på fredeleg vis. Frå norsk side er det understreka at den vidare tilknyttinga til NATO må vere basert på framgang i reformarbeidet og ikkje knytt til nokon timeplan.

7 Samarbeidet med Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland går føre seg i regi av NATO–Russland-rådet (NRC). På toppmøtet i Riga understreka dei allierte den strategiske verdien av samarbeidet, og viste spesielt til kampen mot terrorisme. Noreg peika samtidig på den tillitsskapande funksjonen NRC representerte, og understreka behovet for å fylle samarbeidet med mest mogeleg konkret innhald, både i form av dialog om relevante tryggingsspolitiske utfordringar og gjennom konkrete samarbeidsprosjekt på bakken. Tonegjevande vesteuropeiske allierte deler denne målsetjinga fullt ut.

Trass i denne semja var den politiske dialogen i 2006 prega av ein viss mangel på substans og engasjement. Det er ei generell oppfatning at NATO–Russland-rådet ikkje fullt ut klarer å utnytte potensialet som konsultasjonsforum. Dette er noko vi frå norsk side arbeider for å forbetre ved å identifisere relevante spørsmål av felles interesse som NATO-landa bør drøfte, om mogeleg med sikte på å utforme felles posisjonar og initiativ.

Eit styrkt NATO–Russland-samarbeid er såleis eit overordna mål for Noreg. Frå norsk side la vi fram fleire forslag før toppmøtet i Riga som hadde til formål å styrkje NRC. Dei norske framlegga til praktiske samarbeidsprosjekt, m.a. felles militære øvingar for å styrkje den militære evna til å operere

saman og prosjekt innan redningsteneste til sjøs og oljevernberedskap, vart godt mottekne og er med i NRC-handlingsplanen for 2007.

Den politiske dialogen i 2006 var prega av spørsmål der det er substansiell usemje mellom Russland og fleire av NATO-landa. Manglande ratifisering av den tilpassa avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen) var eit gjennomgåande klagemål frå russisk side. Spørsmålet om georgisk og ukrainsk tilnærming til NATO var òg sensitivt for Russland. Den kritiske russiske innstillinga i desse spørsmåla påverka samarbeidsklimaet i NRC.

Eit viktig steg framover blei teke på det militære området, i og med at Russland i september 2006 slutta seg til den NATO-leidde maritime overvakinga i Middelhavet. Sjølv om deltakinga var avgrensa i tid, vart det lagt eit godt grunnlag for liknande operativt militært samarbeid i framtida.

Nettopp styrking av den operasjonelle dimensjonen i samarbeidet er etter norsk syn påkravd. Manglande russisk ratifikasjon av det juridiske rammeverket for partnerskapsoperasjonar («Status of Forces Agreement» – SOFA) var eit hinder for vidare utvikling av det praktiske militære samarbeidet også i 2006, og kan komme til å resultere i nedjustering av det militære samarbeidet i 2007.

8 Hurtigreaksjonsstyrkar og missilforsvar

Den omfattande militære omforminga av alliansen blei vidareført i 2006 med sikte på å setje NATO betre i stand til å møte dei tryggingsspolitiske utfordringane i dag og i framtida. Den militære omforminga er ein kontinuerleg prosess der erfaringar frå pågåande operasjonar og impulsar frå andre internasjonale aktørar er viktige drivkrefter.

Sentralt i arbeidet stod oppfølginga av vedtaket frå toppmøtet i Istanbul i 2004 om å utvikle nye politiske retningslinjer for militær omforming og kapasitetsutvikling. Desse retningslinjene skal støtte opp om det strategiske konseptet for alliansen, mellom anna ved å leggje til rette for betre koordinering av den interne militære planlegginga i NATO. På toppmøtet i Riga blei dokumentet godkjent av stats- og regjeringssjefane og deretter offentleggjort.

Arbeidet med å gjere hurtigreaksjonsstyrken («NATO Response Force» – NRF) operativ heldt fram i 2006. Konseptet for styrken vart vidareutvikla, og det vart planlagt at full operativ kapasitet skulle erklærast av stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Riga. I samband med toppmøtet i Riga melde Noreg inn Telemark bataljon til NRF i første halvår 2007 for å bidra til oppnåing av full operativ kapasitet.

Arbeidet for å bøte på kapasitetsmanglane i NATO innanfor initiativet «Prague Capabilities

Commitments» (PCC) heldt fram i 2006. Det var generelt god framdrift i programmet, og det er venta at i underkant av 80 % av tiltaka vil vere gjennomførte innan utgangen av 2008. Dei store strategiske prosjekta var mest krevjande, og då særleg anskaffinga av strategiske transportfly, tankfly og strategisk sjøtransport.

Arbeidet med eit territorielt alliert missilforsvar heldt fram i 2006. På Praha-toppmøtet i 2002 blei det vedteke at det skulle utarbeidast ein studie for å vurdere om eit missilforsvarssystem til vern om alliert territorium lét seg gjennomføre teknisk. Studien var ferdig sommaren 2006, og blei lagd fram i ein rapport for stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Riga. Rapporten konkluderer med at eit slikt missilforsvar lét seg gjennomføre, men at det er for tidleg å avgjere om alliansen skal gå vidare med faktisk etablering av det.

Saman med ei rekkje tonegejvande allierte stilte Noreg seg i 2006 kritisk til utviklinga av eit alliert territorielt missilforsvar. Denne haldninga var basert på ei samla vurdering av behovet for ei felles alliert trusselvurdering, faren for eit nytt våpenkappløp og uvisse rundt kostnader og teknologiske utfordringar. Det er såleis knytt stor uvisse til den vidare oppfølginga av eit territorielt missilforsvar i NATO.

9 Vurderingar og framtidsperspektiv

Vedtaka på toppmøtet i Riga viser at det var brei semje blant dei allierte landa om at den omfattande politiske og militære omstillingsprosessen i alliansen må vidareførast. Drivkrafta bak dette arbeidet er eit felles ønske om at NATO framleis skal vere relevant og ha evne til å løyse både tradisjonelle og nyare trygging utfordringar. Så lenge den tryggingsspolitiske situasjonen og rammevilkåra for verksemda i alliansen stadig endrar seg, må organisasjonen vere parat til kontinuerleg tilpassing for å vere relevant og effektiv. Perspektivet no er stadig tilpassing til ein tryggingsspolitisk situasjon prega av ustabilitet og behov for internasjonalt samarbeid der NATO-bidraget må vevast inn i ein brei internasjonal innsats med sikte på å møte felles utfordringar.

Sjølv om det er brei semje blant dei allierte om at NATO framleis skal vere det sentrale transatlantiske tryggingsspolitiske forumet, knyter det seg klare utfordringar til den vidare utviklinga. Dette skuldast mellom anna ulike oppfatningar blant allierte om kva dei nye tryggingssutfordringane eigentleg går ut på, korleis dei best kan handterast og kva rolle NATO eventuelt skal ha.

Den ulike tilnærminga til desse spørsmåla vil truleg også heretter spegle seg av i debatten om kva rolle og oppgåver NATO skal ha. For dei europeiske allierte, Noreg medrekna, vil det ofte vere behov for å balansere mellom omsynet til å bevare dei transatlantiske banda på den eine sida, og å utforme løysingar som medverkar til å møte dei praktiske utfordringane ein står overfor på den andre.

Ei liknande utfordring for NATO og medlemslanda er kva omfang og innretning allianseengasjementet utanfor det tradisjonelle ansvarsområdet skal ha. Også i den debatten dannar USA eit yttre punkt. Frå amerikansk side er det ei målsetjing å utvikle NATO til ein endå meir global aktør enn i dag. I 2006 avspeglar dette seg i utspel på ulike område, frå initiativ og diskusjonar i NATO om tryggingsspolitiske utfordringar som ikkje har stått på saklista tidlegare, mellom anna dei kjernefysiske programma i Iran og Nord-Korea, til forslaga om utvikling av partnerskapen og om trening og opplæring i Midtausten og Afrika. Ambisjonen til USA om å styrkje samarbeidet mellom alliansen og kontaktland som Australia, New Zealand, Japan og

Sør-Korea var det klaraste uttrykket for eit globalt perspektiv på NATO.

Operasjonane vil også i tida framover vere dei tyngste spørsmåla på dagsordenen og påverke samarbeidsklimaet i alliansen. Som ei oppfølging av stadig nye behov for engasjement auka alliansen i 2006 bidraga til tryggleik og demokratiutvikling både på og utanfor det europeiske kontinentet. Det gjeld både stabiliseringsoperasjonen ISAF i Afghanistan, vidareføringa av engasjementa i Kosovo og Irak, samarbeidet med AU i Darfur og den breie innsatsen for forsvars- og tryggingsssektorreform i partnerlanda.

Afghanistan blir den aller største utfordringa NATO står overfor dei kommande åra. Evna og viljen hos dei allierte landa til å nå måla med den militære operasjonen og å stille dei nødvendige ressursane til disposisjon for ISAF, og viljen og evna deira til å skape ei samla tilnærming til utfordringane på bakken i samarbeid med den afghanske regjeringa, FN og andre internasjonale aktørar, blir den store prøven på om NATO framleis er eit relevant og effektivt tryggingsspolitisk verkemiddel tilpassa nye utfordringar.

Ei tilsvarande utfordring blir å skape intern forståing for innhaldet i og målet med engasjementet i Afghanistan. Utvidinga av ISAF, og dei regulære kamphandlingane som følgde etter denne, påførte mange allierte smertelege tap og gav opphav til ein naturleg offentleg debatt om kva omfang og innretning NATO-operasjonen skulle ha, og kor lenge han skulle vare. Difor blir det viktig å spele med opne kort og ikkje gløyme at dei militære aktivitetane til ISAF må stå i stil med behovet om dei skal ha tilslutnad både i den afghanske befolkninga og hos befolkninga i NATO-landa.

Den norske avgjerda i februar 2007 om å sende spesialstyrkar til Kabul-området var eit uttrykk for solidaritet med våre allierte, at engasjementet i Afghanistan er eit felles ansvar for alle NATO-land og at alle medlemsland må gjere sitt for å nå dei måla NATO og resten av det internasjonale samfunnet har sett seg i Afghanistan.

Samtidig vart det frå norsk side understreka at operasjonen i Afghanistan har vist kor viktig det er at verdssamfunnet samordnar innsatsen. Forståinga av at den sivile og militære innsatsen må sjåast

i sammenheng, er etter norsk vurdering det viktigste resultatet av dei internasjonale konsultasjonane om Afghanistan i 2006.

Etter norsk syn må det framleis arbeidast for større internasjonal samordning, utvida samarbeid med lokale styresmakter og auka gjenreisingsinnsats. Sjølv om ISAF vil vere eit uunnverleg stabiliserande element, kan utfordringane i Afghanistan aldri overvinnast med militære middel. ISAF vil difor framleis ha til oppgåve å støtte den breie sivile innsatsen for demokratisering, politisk og økonomisk reform, gjenreising og humanitær innsats. Framfor alt må afghanske styresmakter setjast i stand til å sikre lokal eigarskap. Afghanarane må sjølve ta ansvar for tryggleik og utvikling. Noreg vil framleis ha ei pådrivarrolle i dette arbeidet.

Dei nærmaste åra kjem KFOR framleis til å vere den nest viktigaste NATO-operasjonen. Tryggingsrådet i FN vil i første halvår 2007 innleie diskusjonar om ein resolusjon som kan definere den framtidige statusen til området. Men det er heilt uvisst om Russland vil stille seg bak ein resolusjon som peikar i retning av eit uavhengig Kosovo, både på grunn av det historisk nære tilhøvet mellom Russland og Serbia og fordi det kan danne preisdens for frosne konflikhtar i eigne nærområde.

NATO og EU vil vere dei to internasjonale hovudaktørane i Kosovo dei nærmaste åra. Det aksentuerer behovet for å komme vidare med utviklinga av ein strategisk partnerskap mellom dei to organisasjonane. Effektiv samordning og arbeidsdeling, både på bakken og mellom hovudkvartera, vil vere avgjerande for om dei saman kan medverke til å bygge eit demokratisk, multietnisk og stabilt samfunn i Kosovo slik det er forventa av dei.

Utover det noverande stabiliseringsoppdraget kan NATO få i oppgåve å støtte oppbygginga av ein demokratisk kontrollert, etnisk representativ og legitim militær styrke. For Noreg vil det vere ei hovudsak å sikre at NATO held fram med å verne om minoritetane i Kosovo. Samtidig vil Noreg framleis engasjere seg sterkt for å trekkje Serbia og resten av den vestlege Balkanregionen inn i euroatlantisk samarbeid og såleis motverke isolasjon, politisk radikalisering og ustabilitet.

På toppmøta i 2008 og 2009 er det venta at stats- og regjeringssjefane kjem til å gjere vedtak som viderefører den politiske og militære omstillinga av alliansen. Dei må gje retningslinjer for NATO-operasjonane og utviklinga av samarbeidet med partnerlanda.

Partnersamarbeid og ei utvida treningsrolle for NATO vil stå sentralt i den politiske omstillinga.

Framfor alt gjer dei nye tryggingsutfordringane det endå viktigare å samarbeide med land og organisasjonar som kan medverke til ein tryggare situasjon. Sidan dei internasjonale ressursane er avgrensa, kan NATO komme til å spele ei svært viktig rolle i utviklinga av fredsbevarande kapasitetar, mellom anna på det afrikanske kontinentet. Denne prosessen må likevel skje gradvis og på grunnlag av lokale behov, lokal eigarskap og forankring i lokale strukturar.

Utvidinga av alliansen kjem til å ha aukande interesse. I tillegg til dei tre søkjarlanda kan Georgia og – alt etter den innanrikspolitiske utviklinga – Ukraina komme på saklista med kvar sine ambisjonar. Som i andre samanhengar vil tilhøvet til Russland spele inn her. Noreg vil i denne debatten leggje til grunn prinsippet om ei open dør til NATO, på den føresetnaden at land som søker medlemskap, må vise nødvendig vilje og evne til å gjennomføre reformer, men kjem òg til å leggje stor vekt på breiare strategiske omsyn.

I lys av nabotilhøvet vårt i nord vil vi òg at det skal utviklast eit godt samarbeid mellom Russland og NATO. Fleire sentrale vesteuropeiske allierte deler ønsket vårt om at det må bli utvikla ein strategisk partnerskap mellom NATO og Russland som samsvarer med ambisjonane frå Roma-toppmøtet i 2002.

Noreg må medverke politisk og på andre måtar til alliansefellesskapen. Samtidig vil vi frå vår side halde fram med å arbeide aktivt for norske posisjonar og prioriteringar. Debatten om Afghanistan-engasjementet og gjennomslaget for norske synspunkt når det gjeld utviding av PFP på Balkan, viser at det er mogeleg for små land å bli høyrde. Det overordna målet for Noreg er å arbeide for bevaring av den transatlantiske verdi- og interessefellesskapen og ei samla alliert tilnærming til dei tryggingsutfordringane vi saman står overfor.

På norsk side vil det difor også i åra som kjem bli arbeidd for ein handlekraftig allianse, prega av brei politisk dialog og med evne til å setje politiske og militære ressursar inn for å løyse eit breitt spekter av oppgåver.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 4. mai 2007, om samarbeidet i NATO i 2006 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Erklæring frå formannen, Brussel, torsdag 8. juni 2006
Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane**

NATO–Ukraina-kommisjonen møttest på forsvarsministernivå i Brussel 8. juni for å diskutere den ukrainske forsvarspolitikken og den pågåande omdanninga av dei væpna styrkane i Ukraina. Ministrane sa seg på ny fast bestemte på å halde fram med å samarbeide for å støtte reformene i forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina.

Ministrane gav særleg uttrykk for forpliktande vilje til å styrkje demokratiske institusjonar, oppmuntre til respekt for felles euroatlantiske verdiar og gjennomføre omfattande reformer i heile forsvars- og tryggingssektoren, for såleis å medverke til at Ukraina kan nå reformmålsetjingane og realisere ambisjonane sine om euroatlantisk integrasjon. I denne samanhengen sa ministrane seg nøgde med den intensiverte dialogen som blir ført mellom NATO og Ukraina om medlemsskapsambisjonar og relevante reformer, utan å forskottere utfallet av eit eventuelt seinare vedtak i alliansen. Ministrane frå allianselanda såg òg positivt på den første årlege kvitboka om forsvarspolitikken i Ukraina for 2005, utgjeven av det ukrainske forsvarsministeriet, og på innsatsen for å gjennomføre statsprogrammet for utvikling av dei væpna styrkane i Ukraina, som gjeld for 2006–2011. Minister Grytsenko skisserte den praktiske innsatsen som blir gjort med sikte på å hjelpe dei ukrainske væpna styrkane å nå NATO-standard i samsvar med NATO–Ukraina-handlingsplanen, arbeidsplanen til Militærkomiteen og planleggings- og revisjonsprosessen i PFP. Han sa òg at Ukraina er villig til å intensivere denne innsatsen ytterlegare.

Ministrane la òg vekt på at effektive reformer i tryggingssektoren i Ukraina er viktige for dei ukrainske ambisjonane om NATO-medlemskap. På bakgrunn av framgangen Ukraina har oppnådd på dette området, såg ministrane med glede på den gjennomgangen av tryggingssektoren i landet som no går føre seg, og stadfeste at den felles NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for forsvarsreform (JWGDR) burde halde fram som ein nøkkelmekanisme for å regulere samarbeidet mellom NATO og Ukraina til støtte for reformer knytte til forsvars- og tryggingssektoren. Ministrane var òg samde

om å halde fram med å bruke JWGDR til å hjelpe Ukraina i omdanninga av tryggingssektoren i landet med sikte på å få det meir på linje med euroatlantiske verdiar og standardar. Med dette som siktemål skal det framleis haldast felles konsultasjonar med deltaking av aktuelle ekspertar og styresmakter frå NATO-hald og alliert hald, mellom anna innanfor ramma av JWGDR-samarbeidsplanen for nasjonal gjennomgang av tryggingssektoren i Ukraina.

Ministrane frå allianselanda sa seg òg på ny villige til å halde fram med å hjelpe Ukraina i arbeidet for å styrkje den sivile og demokratiske kontrollen med tryggingss- og forsvarsstrukturane. I så måte såg ministrane med glede på den pågåande gjennomføringa av JWGDR-programmet for fagleg utvikling av sivilt personell tilsett i ukrainske tryggingsinstitusjonar. Ministrane understreka òg det viktige i at NATO og Ukraina samarbeider om vidareutviklinga av eit effektivt nasjonalt system for forsvarsplanlegging på ukrainsk hald. Dei tok òg til orde for vidare innsats med sikte på betre harmonisering av bilateralt samarbeid mellom individuelle allianseland og Ukraina.

Ministrane stadfeste òg at det stadig er viktig å ta hand om konsekvensane av reformene i forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina, og sa seg nøgde med at ein var i gang med ei forsvarleg destruering av overskotslager av ammunisjon, handvåpen, lette våpen og berbare luftforsvarssystem gjennom eit prosjekt i regi av PFP-fondet. Dei uttrykte òg på ny støtte til NATO–Ukraina-programmet for omskolering av dimittert militært personell og til prosjektet i regi av PFP-fondet som støttar det militære omskoleringssenteret i Khmilnitskij.

Ministrane tok òg føre seg det betydelege engasjementet frå ukrainsk side i fredsbevarings- og fredsstøtteoperasjonar, mellom anna i form av bidrag til KFOR, opplæring av personell til NATO-opplæringsoppdraget i Irak og praktiske tiltak frå ukrainsk side til støtte for operasjon Active Endeavour i Middelhavet. Ukrainas vilje til å yte logistikkstøtte til den NATO-leidde ISAF-operasjonen i Afg-

hanistan og til oppdraget Den afrikanske unionen utfører i Darfur, blei òg diskutert.

Ministrane merkte seg òg med glede at den portugisiske forsvarsministeren under møtet invi-

terte til å oververe høgnivåkonsultasjonane mellom NATO og Ukraina i 2006, som skal haldast i Lisboa i oktober.

Vedlegg 2

Oppsummering ved formannen, Brussel, torsdag 8. juni 2006

Møte i Det Euroatlantiske partnerskapsråd ved forsvarsministrane

1. Forsvarsministrane frå medlemslanda i Det Euroatlantiske partnerskapsråd (EAPC) møttest i Brussel i dag. Dette møtet var eit høve for forsvarsministrane i EAPC til å komme saman og utveksle synspunkt framfor NATO-toppmøtet i Riga i november 2006.
2. Ministrane tok ugangspunkt i den verdifulle bidraget partnerane yter til NATO-leidde operasjonar, og konsentrerte seg om det operative samarbeidet mellom NATO og partnerane. Dei oppsummerte partnerbidraga til NATO-leidde operasjonar, og diskuterte korleis utvalet og kvaliteten på styrkar og kapasitetar kunne forbetrast. I denne samanhengen konsentrerte dei seg om full utnytting av dei ulike partnerskapsverktøya som er komne på plass til dette formålet.
3. Ministrane minte om den viktige rolla planleggings- og gjennomgangsprosessen, konseptet for operative kapasitetar og det militære opplærings- og øvingsprogrammet spelar i arbeidet med å førebu partnerstyrkane på NATO-leidde operasjonar, og sa seg fast bestemte på å utnytte desse partnerskapsverktøya til fulle. Dei uttrykte òg si fulle støtte til prosessen som er skissert i dei politisk-militære rammene for NATO-leidde PFP-operasjonar med omsyn til konsultasjonar under førebuingane til og utføringa av operasjonar.
4. Partnerministrane blei informerte om viktige saker på NATOs eigen dagsorden fram mot til Riga-toppmøtet. Ministrane utveksla synspunkt på korleis framtidige utviklingstrekk innanfor omdanningsarbeidet i NATO kunne påverke det operative tilhøvet mellom NATO og partnerane. Dei utveksla òg synspunkt på korleis partnerskapen kunne styrkjast ytterlegare.
5. Ministrane sa seg på ny fast bestemte på å vidareføre kampen mot terrorisme, og diskuterte òg operative spørsmål i samband med dette. I denne samanhengen har NATO-operasjonen Active Endeavour vore open for bidrag frå partnerar og andre ikkje-NATO-land sidan toppmøtet i Istanbul. Alliansen samarbeider nært med partnerland som har vist interesse av å samarbeide innanfor operasjonen.

Vedlegg 3

Sluttkommuniké, Brussel, torsdag 8. juni 2006

Møte i Det Nordatlantiske råd ved forsvarsministrane

1. Forsvarsministrane i Det Nordatlantiske råd møttest 8. juni 2006 for å gå gjennom operasjonane og oppdraga som NATO for tida er engasjert i og for å diskutere forsvarsmessige aspekt ved omdanninga av alliansen. Møtet var eit viktig innslag i førebuingane til toppmøtet mellom stats- og regjeringssjefane som skal haldast i Riga 28.–29. november 2006.
2. Vi skuldar alle dei som har teke del i NATO-leidde operasjonar stor takk, og uttrykkjer vår djupaste medkjensle med familiane og dei kjære til dei som har mist livet eller er blitt skadde i tenesta. Vi takkar partnerane våre og andre ikkje-NATO-land for dei verdifulle bidraga dei yter til operasjonane og oppdraga våre.
3. Afghanistan er framleis den høgast prioriterte oppgåva vår. Det er gjort framgang i arbeidet med å skape fred og stabilitet i landet, men alvorlege utfordringar står att. ISAF skal utvide sørover i landet seinare i sommar, noko som inneber ytterlegare regionale gjenreisningsteam under NATO-leiing og aukar det samla styrkenivået i ISAF vesentleg. ISAF-styrkane blir robuste og velutstyrte, og skal operere etter engasjementsreglar som er tilstrekkelege til å reagere med styrke på dei truslar og utfordringar mot tryggleiken som måtte oppstå. Sjølv om ISAF og operasjon Enduring Freedom framleis kjem til å ha kvar sine oppdrag, vil dei nyleg avtala kommandoordningane snart bli sette i verk og sikre tett samordning mellom dei. NATO vil framleis hjelpe regjeringa i Afghanistan som eit ledd i den breiare innsatsen det internasjonale samfunnet gjer for å styrkje tryggleiken og leggje til rette for gjenreisning og utvikling i heile landet, med auka vekt på å støtte reformene i dei afghanske tryggingsstyrkane og utføre tryggings- og stabiliseringsoperasjonar i samråd med dei. Vi er framleis forplikta til å vidareføre det nære samarbeidet og samordninga med FN, Den europeiske unionen, andre internasjonale institusjonar og verdssamfunnet elles, i samsvar med Afghanistan-pakta.
4. Vi vil engasjere oss i Kosovo gjennom heile den FN-leidde statusprosessen og gjennomføringa av ei løysing på den framtidige statusen til provinsen. Med den nye innsatsstyrkestrukturen til KFOR får NATO endå betre høve til å gjere sitt for å oppretthalde eit trygt og sikkert miljø, særleg i denne svært sensitive perioden. Vi støttar spesialutsendingen frå FN, Martti Ahtisaari, og kontaktgruppa i den innsatsen dei gjer for å oppnå ei varig løysing som fremjar stabilitet for Kosovo og heile Balkan-regionen. Vi oppmodar Beograd og Pristina til å samarbeide på ein konstruktiv måte med spesialutsendingen frå FN og å vise fleksibilitet i statussamtalane. Vi legg stor vekt på at dei involverte partane gjennomfører standardane. NATO vil halde fram med å overvake og hjelpe til i utviklinga av eit tryggare og sikrare miljø i samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, særleg FN og EU, i prosessen med å byggje eit stabilt, demokratisk, multietnisk og fredeleg samfunn i Kosovo. Vi ser positivt på det nære samarbeidet mellom NATO og EU, mellom anna ved hovudkvartera deira i Bosnia-Hercegovina, og på den vellukka vidareføringa av Berlin-Pluss-ordningane til støtte for EU-operasjonen Althea. Dette stadfester verdien av nært samarbeid mellom NATO og EU meir generelt. Vi er fast bestemte på å fylle den avtala ramma for den strategiske partnerskapen mellom alliansen og EU med meir innhald.
5. Landa på Vest-Balkan må framleis samarbeide med kvarandre, fremje gode naboforhold og komme fram til gjensidig godtakande løysingar på uavklara spørsmål. Vi er framleis forplikta til å hjelpe landa på Vest-Balkan, særleg gjennom bistand til forsvarsreformer, på vegen mot euroatlantisk integrasjon. Dei tre landa som deltek i handlingsplanen for medlemskap – Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia³ – har teke viktige steg

³ Tyrkia godtek Republikken Makedonia under det konstitusjonelle namnet.

i denne prosessen. Vi gler oss over innsatsen deira, og oppmuntrar dei til å halde fram som dei stemner i arbeidet som står att. Vi ser positivt på at Ante Gotovina blei pågripen i desember i fjor. Vi takkar for innsatsen som er gjort hittil, men ber innstendig om at landa i regionen sikrar fullt samarbeid med den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Særleg står den manglande pågripinga av andre sikta personar, særleg Radovan Karadzic og Ratko Mladic, i vegen for at landa skal komme på tale som medlemmer i Partnerskap for fred. Vi merkjer oss at Montenegro har erklært seg sjølvstendig etter ei folkeavrøysting gjennomført i tråd med retningslinjene til OSSE og Europarådet.

6. Vi ser positivt på danninga av den nye irakiske regjeringa, og stadfester vår støtte til det irakiske folket og til stabilitet, demokratisk utvikling, einskap og territorial integritet for Republikken Irak, i tråd med relevante resolusjonar frå tryggingrådet i FN. Alle allianselanda medverkar framleis til NATO-oppgdraget, i tråd med tryggingrådsresolusjon 1546, som går ut på å støtte dei irakiske tryggingstyrkane gjennom opplæring i eller utanfor landet, utrusting eller fondsinnbetalingar.
7. Vi fordømmer terrorisme på det sterkaste, same kva motiva er og i alle ytringsformer, og vil kjempe mot han så lenge det trengst. Innsatsen vår i kampen mot terrorismen vil framleis gå føre seg i samsvar med folkeretten, mellom anna FN-charteret og relevante internasjonale konvensjonar og protokollar. I denne samanhengen seier vi oss på ny forplikta til Active Endeavour, NATO-operasjonen for maritim overvaking og eskorte i Middelhavet, som eit bidrag til kampen mot terrorismen. Vi ser positivt på den forventta støtta frå Russland og Ukraina, og på den interessa andre partnerar i Euroatlantisk partnerskapsråd og Middelhavsdialogen har vist.
8. Etter undertekninga av fredsavtalen i Darfur 5. mai 2006 held vi fram med å støtte oppdraget til Den afrikanske unionen i Sudan i innsatsen for å sikre effektiv gjennomføring av fredsavtalen. Vi er parat, etter samråd med og tilslutnad frå AU, til å forlengje denne støtta. NATO er forplikta til vidare samordning med alle involverte aktørar, særleg AU, FN og EU. NATO vurderer eventuell støtte til det påfølgjande FN-oppgdraget.
9. Hjelpeoperasjonen som NATO sette i verk etter jordskjelvet i Pakistan, og den humanitære bistanden etter orkanen Katrina, gav livsviktig

hjelp til titusenvis i naud. Vi gjekk gjennom lærdomane etter desse operasjonane.

10. Vi legg spesiell vekt på relasjonane mellom NATO og Ukraina, og stadfester at vi aktar å dra full nytte av NATO–Ukraina-kommisjonen. Ukraina har vist vesentleg framgang gjennom den intensiverte dialogen i året som er gått. Vi oppmuntrar Ukraina til å halde fram med å vise konkret og målbar framgang og fastleik i gjennomføringa av avgjerande reformer og politikk slik at landet kan nå sine ambisjonar om deltaking i handlingsplanen for medlemskap. Georgia har gjennomført vesentlege reformer innan forsvar, økonomi og rettsvesen siste året. Allianselanda støttar det ambisiøse reformprogrammet i Georgia, og vil evaluere ambisjonane om ein intensivert dialog med alliansen i lys av oppnådde resultat.
11. Vi ser positivt på at det er sett fram fleire forslag med sikte på å optimalisere planlegginga og gjennomføringa av operasjonar og oppdrag i NATO. Sjølv om NATO ikkje har noko krav på seg til å byggje opp kapasitetar til reint sivile formål, treng organisasjonen å forbetre det praktiske samarbeidet, med utgangspunkt i eksisterande ordningar, med partnerar, aktuelle internasjonale organisasjonar og eventuelt ikkje-statlege organisasjonar for at den felles planlegginga og gjennomføringa av operasjonar skal bli meir effektiv.
12. Vi er fast bestemte på å vidareføre den breie omdanninga av alliansen for å sikre at NATO er i stand til å utføre alle sine oppdrag meir rasjonelt og effektivt i ein skiftande tryggingsspolitisk atmosfære, som er prega av trusselen om terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen i tillegg til ei rekkje andre risikoar og utfordringar, mellom anna stans i tilførsel av livsviktige ressursar.
13. Vi gjekk gjennom framgangen vi har gjort i omdanningsinnsatsen, og gav pålegg om vidare tiltak som førebuing til Riga-toppmøtet seinare i år. Særleg nemner vi følgjande:
 - Vi er fast forplikta til å sikre at NATO-reaksjonsstyrken skal lukkast. Vi såg positivt på framgangen som nyleg er gjort for å oppnå full operativ kapasitet i haust, streka under det viktige i å halde oppe denne kapasiteten i framtida og evaluerte tiltak som no blir iverksette for å forbetre bidraga til dette nøkkelelementet i den militære NATO-omdanninga og å gje partnerar auka høve til å engasjere seg. Vi ser fram til Steadfast Jaguar, den store valideringsøvinga som NRF

skal halde i Kapp Verde seinare denne månaden.

- Vi slutta oss til den samla politiske rettleiinga som stats- og regjeringssjefane bad om i Istanbul, og avtala å leggje henne fram for dei i Riga. Rettleiinga dannar ei ramme for den vidare omdanninga av alliansen, og fastset prioriteringane i alle kapasitetsspørsmål, planleggingsdisiplinar og etterretningssaker. Vi vil framleis følgje gjennomføringa med interesse.
- Vi merkte oss resultata som hittil er oppnådde gjennom kapasitetsinitiativa som blei lansert i Praha for å leggje til rette for forbetringar i kapasitetane våre, og gav ytterlegare rettleiing om vegen vidare. Særleg merkte vi oss det som er utretta gjennom dei nasjonalt leidde initiativa om strategiske luft- og sjøtransportkapasitetar, mellom anna gjennomføringa av interimsløysinga for strategisk lufttransport (SALIS), og etableringa av ein permanent struktur for forvaltning av sjøtransportressursar.
- Vi tok føre oss framgangen i arbeidet som vi gjorde opptakt til på toppmøtet i Istanbul med sikte på å gjere styrkane våre meir innsatsklare ved å gjennomføre politiske målsetjingar for kor stor del av kvar nasjons bakkestyrkar som skal vere strukturerte, førebudde og utstyrte for deployerte operasjonar (40 %), og kor stor del som til kvar tid skal vere engasjert i eller disponert for langvarige operasjonar (8 %). I Istanbul var vi òg samde om behovet for nasjonale mål som utfylling til desse politiske høgnivåmåla, sett på bakgrunn av nasjonale prioriteringar og tilsegner. Denne innsatsen har hatt posi-

tive verknader, og vi var samde om å halde fram.

- Vi merkte oss òg fullføringa av forstudien om eit missilforsvar som det vart gjort opptakt til på toppmøtet i Praha med sikte på å undersøkje alternativ for vern av territoria, styrkane og befolkningssentra til alliansen. Vi oppmuntra til vidare arbeid med politisk-militære vurderingar før ei eventuell avgjerd på dette området.
 - Vi såg positivt på fullføringa av risikoreduksjonsstudien til støtte for ein alliert bakkeovervakingskapasitet, og merkte oss dei første svara på førespurnaden til industrien om konstruksjons- og utviklingsforslag.
 - I tillegg vurderte vi ei rekkje aktuelle nye kapasitetsrelaterte initiativ på område som ressursar, deployeringsevne, forsvar mot terrorisme og opplæring, som stats- og regjeringssjefane våre vil bli førelagde på toppmøtet i Riga. Vi gav Det permanente rådet i oppdrag å utføre vidare detaljarbeid og å utarbeide ein ytterlegare rapport innan det uformelle møtet vårt i Slovenia i september.
 - Vi arbeider òg vidare med omdanning ved NATO-hovudkvarteret gjennom vedtaking av meir rasjonelle og effektive arbeidsmåtar og ved å halde fram med å prioritere ressursar i samsvar med alliansemålsetjingane.
14. Den pågåande omdanninga av styrkane våre vil vere med på å sikre at NATO framleis kan stå for kollektivt forsvar og bidra til tryggleiken vår ved å yte eit eigna bidrag til den innsatsen verdssamfunnet gjer for å fremje stabiliteten, med den sjølvtiliten som følgjer av den gjensidige solidariteten oss imellom og særleg av dei uunnverlege transatlantiske banda.

Vedlegg 4

Sluttkommuniké, Brussel, torsdag 8. juni 2006 Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe

1. Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe var samla i minister-møte 8. juni 2006.
2. Idet vi ser fram til toppmøtet i Riga, stadfeste vi at vi aktar å utnytte dei ulike disiplinane i forsvarsplanlegginga som middel til å sikre at alliansen og dei nasjonale styrkane våre held fram med omdanningsprosessen med sikte på å vidareutvikle dei evnene som er nødvendige for å ta hand om utfordringane vi vil stå overfor i framtida. På bakgrunn av dette, og på grunnlag av den samla politiske rettleiinga vi har slutta oss til, som fastset prioriteringane for den vidare omforminga av NATO, godkjende vi ei ny ministerrettleiing som skal utgjere ram-mene for forsvarsplanlegginga i alliansen og nasjonane i tiåret som kjem.
3. Denne rettleiinga såg nærmare på kapasitetane og styrkane som er nødvendige for å støtte heile spekteret av oppdrag som alliansestyrkane må rekne med å ta på seg, og stadfester vårt engasjement for det kollektive forsvaret. I den nye tryggingssituasjonen, særleg når ein tek omsyn til risikoane i samband med terrorisme og behovet for å kunne deployere styrkar over lengre avstandar og operere under vanskelege forhold, erkjenner vi at det må leggjast auka vekt på evna til å utføre mindre, men krevjande og ueinsarta operasjonar i eit større tal enn vi hittil har planlagt etter. Ved å gjere dette vil vi òg behalde evna til å utføre større opera-sjonar, også høgintensitetsoperasjonar.
4. Den nye tryggingssituasjonen krev òg evne og fleksibilitet til å utføre operasjonar under forhold der innsatsen til fleire styresmakter, insti-tusjonar og nasjonar må samordnast for å oppnå dei ønskete resultata, og til å utføre mel-lom anna stabiliseringsoperasjonar og yte mili-tær støtte til gjenreisingsinnsats. Alliansen og nasjonane våre må forbetre evnene sine på desse og andre område. Vi skal arbeide for å til-passe styrkane våre for å gjere dei stadig meir eigna til innsats. Vi erkjenner at dette blir ei vesentleg utfordring, og skal òg arbeide for å sikre at det blir løyvd tilstrekkelege ressursar til å dekkje behova ved omforminga og at desse ressursane blir brukte effektivt.
5. Vi vedtok òg oppdateringar av styrkemåla som vi godkjende i Istanbul i 2004. Vi ser fram til at ein omfattande pakke av nye styrkemål, basert på ministerrettleiinga vår, skal bli utarbeidd i 2008.
6. På møtet vårt i Kjernefysisk planleggings-gruppe gjekk vi gjennom status for kjernevå-penstyrkane i NATO og tilhøyrande spørsmål og aktivitetar. Vi stadfester at det grunnleg-gjande formålet med kjernevåpenstyrkane i alli-ansen er politisk: å bevare freden og hindre tvang og alle former for krig. I pakt med dette målet legg vi framleis stor vekt på kjernevåpen-styrkane med base i Europa som står til dispo-sisjon for NATO, og som utgjere eit vesentleg politisk og militært band mellom dei euro-peiske og nordamerikanske alliansemedlem-mene. Vi minte om at NATO held kjernevåpen-styrkane sine på det minstenivået som er til-strekkeleg for å bevare fred og stabilitet. Vi merkte oss med glede at dei uavhengige bri-tiske kjernevåpenstyrkane framleis medverkar til avskrekking og til den samla tryggleiken for allianselanda, og stadfeste verdien av denne kapasiteten. Farane som ligg i den aukande risi-koen for spreiking av kjernevåpen, understrekar kor viktig det er at NATO held oppe ei truver-dig og fleksibel avskrekkingsevne.
7. I denne samanhengen merkjer vi oss at avskrekking og forsvar, saman med rustings-kontroll og ikkje-spreiing, framleis kjem til å spele ei vesentleg rolle i arbeidet for å nå tryg-gingsmålsetningane til alliansen. Vi stadfeste at vi forpliktar oss fullt ut til avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysisk våpen som hjørnestein i den globale innsatsen mot kjernefysisk spre-ing og som eit sentralt fundament for strevet

etter kjernefysisk nedrusting. I denne sammenhengen uttrykte vi alvorleg uro over dei konsekvensane manglande etterleving av avtalen kan ha for tryggleiken og stabiliteten. Vi oppmodar på nytt om at alle landa i alliansen oppfyller sine tilsegner på dette området.

8. Vi merkte oss det viktige i tilhøvet mellom NATO og Russland i kjernevåpensaker, og ser fram til vidare konsultasjonar og samarbeid i regi av NATO–Russland-rådet.

Vedlegg 5

Samla politisk rettleiing, 29. november 2006 Godkjend av stats- og regjeringssjefane i NATO

Innleiing

1. Denne samla politiske rettleiinga utgjør ei ramme og peikar ut ei politisk retning for den vidare NATO-omdanninga, og fastset prioriteringane i alle spørsmål om kapasitetar, planlegging og etterretning i alliansen for dei kommande 10–15 åra. Rettleiinga skal gjennomgåast med visse mellomrom, og tek òg sikte på å styrkje samanhengen i dette arbeidet gjennom ein effektiv styringsmekanisme.

Del 1 – Den strategiske situasjonen

2. NATO's strategiske konsept frå 1999 skildra det framveksande tryggingssklimaet i ordelag som framleis held stikk. Dette klimaet endrar seg stadig – det er, og kjem til å vere, komplekst og globalt og prisgitt utviklingstrekk som det ikkje er råd å spå om. Den tryggingsspolitiske utviklinga på verdsplan har aukande innverknad på livet til innbyggjarane i allianselanda og verda elles. Terrorisme – av stadig meir globalt omfang og med stadig dødelegare resultat – og spreiding av masseødeleggingsvåpen blir truleg dei fremste truslane mot alliansen dei neste 10–15 åra. Ustabilitet på grunn av fallerte eller fallerande statar, regionale konflikhtar og kriser med ulike årsaker og verknader, den aukande tilgangen på avanserte konvensjonelle våpen, misbruken av ny teknologi og stans i tilførsle av livsviktige ressursar kan ventast å bli dei viktigaste risikoane for alliansen i den same perioden. Alle desse faktorane kan stå i samanheng med kvarandre eller opptre i kombinasjon – terroristar væpna med masseødeleggingsvåpen blir farlegast av alt.
3. Fred, tryggleik og utvikling heng nærmare saman enn nokon gong før. Dette stiller ekstra krav til tett samarbeid og samordning mellom internasjonale organisasjonar som spelar kvar sine gjensidig avhengige roller innan forebygging og handtering av kriser. Av særleg interesse, på grunn av sine breie spekter av verkemiddel og oppgåver, er FN og Den europeiske unionen. Tryggingsrådet i FN vil framleis ha

hovudansvaret for å sikre fred og tryggleik på verdsplan. Den europeiske unionen, som kan mobilisere ei lang rekkje militære og sivile verkemiddel, tek på seg stadig fleire roller til støtte for stabiliteten internasjonalt. Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa har òg framleis viktige oppgåver på dette området.

Del 2 – Implikasjonar for alliansen

4. Alliansen vil framleis følgje den breie tilnærminga i tryggingsspørsmål som det strategiske konseptet frå 1999 legg opp til, og utføre dei grunnleggjande oppgåvene konseptet skisserer, nemleg tryggleik, konsultasjonar, avskrekking og forsvar, krisehandtering og partnerskap.
5. Det kollektive forsvaret vil framleis vere kjerneformålet til alliansen. Dei potensielle utfordringane etter artikkel 5 endrar stadig karakter. Konvensjonelle storskalaåtak på alliansen vil framleis vere svært lite sannsynleg, men som det viste seg ved terroriståtak mot USA i 2001 – som førte til at NATO tok i bruk artikkel 5 for første gong, kan framtidige angrep ha sitt opphav utanfor det euroatlantiske området og omfatte ukonvensjonelle former for væpna overfall. Framtidige angrep kan òg innebere auka risiko for bruk av asymmetriske middel, og kan omfatte bruk av masseødeleggingsvåpen. Forsvar mot terrorisme og evna til å reagere på utfordringar frå alle hald er blitt og kjem til å vere viktigare enn før.
6. Alliansen vil vere parat, frå sak til sak og ved konsensus, til å medverke til effektiv konfliktforebygging og å gripe aktivt inn i krisehandtering, mellom anna gjennom krisereaksjonsoperasjonar utanom artikkel 5, slik det går fram av det strategiske konseptet. Alliansen har teke på seg ei rekkje slike operasjonar sidan slutten på den kalde krigen. Erfaringa har vist at stabiliseringsoperasjonar og militær støtte til gjenreisningsinnsats etter konflikhtar blir stadig viktigare. Rolla som FN og EU og andre organisasjonar, eventuelt også ikkje-statlege

organisasjonar, spelar i pågåande operasjonar og framtidige kriser, vil stille store krav til tett praktisk samarbeid og samordning mellom alle element i den internasjonale reaksjonen.

7. På bakgrunn av dette må NATO behalde evna til å utføre alle sine oppdrag, frå høg til låg intensitet, med spesielt fokus på dei mest sannsynlege operasjonane og med evne til å reagere på noverande og framtidige operasjonelle krav, og må framleis vere i stand til å utføre dei mest krevjande operasjonane. Det kjem framleis til å vere behov for ei blanding av konvensjonelle og kjernefysiske styrkar i samsvar med eksisterande retningslinjer. Særleg må alliansen fokusere på:
 - a) å styrkje evna til å møte utfordringane, same kvar dei kjem frå, mot tryggleiken til befolkningane, territoria og styrkane til alliansen;
 - b) å styrkje evna til å føresjå og evaluere dei truslane, risikoane og utfordringane som skriv seg frå terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen;
 - c) å stille styrkar som er stand til å utføre alle typar militære operasjonar og oppdrag;
 - d) å vere i stand til å reagere fort på uføresedde omstende;
 - e) å sikre at NATOs eigne krisehandteringsmiddel er effektivt samordna. Sjølv om NATO ikkje har krav på seg til å utvikle kapasitetar til strengt sivile formål, må organisasjonen, på bakgrunn av eksisterande ordningar, forbetre det praktiske samarbeidet med partnarar, aktuelle internasjonale organisasjonar, eventuelt også ikkje-statlege, for at planlegginga og gjennomføringa av operasjonar skal bli meir effektiv;
 - f) å halde fram med å tilpasse planleggingsprosessane i takt med nye utfordringar.
8. Sjølv om nasjonale politiske vedtak har forrang, krev endringane i det tryggingpolitiske klimaet at tilsegnene frå nasjonane til NATO-operasjonar blir omsette i konkret handling gjennom oppbygging og mønstring av fleksible og berekraftige bidrag, og også gjennom ei rimeleg byrdefordeling. Det er òg viktig å ha ei tidleg formeining om kva militære behov som vil gjere seg gjeldande og kva styrkar og ressursar som vil vere tilgjengelege når det blir teke avgjerd i alliansen om å setje i verk ein operasjon.
9. Alt dette krev at allianselanda held fram med omdanningsprosessen, mellom anna med sikte på smidige konsept og organiseringsformer og på å utvikle robuste kapasitetar som er deploy-

erbare og uthaldande, har samvirkeevne og er innsatsklare.

Del 3 – Retningslinjer for kapasitetskrav i alliansen

10. Slik den framtidige tryggingssituasjonen kjem til å arte seg, og med dei krava han kjem til å stille, må alliansen vere fleksibel og smidig nok til å reagere på samansette og uventa utfordringar, som kan ha utspring langt utanom landegrensene til medlemsstatane og oppstå på kort varsel. Alliansen må òg ha effektive ordningar for etterretning og informasjonsdeling. Som før vil etterretning og lærdommar frå operasjonar også vere retningsgjevande for kapasitetsutviklinga.
11. For å kunne utføre alle operasjonar må alliansen ha evne til å setje i gang og vidareføre større fellesoperasjonar samtidig med mindre operasjonar til kollektivt forsvar og krisereaksjon på og utanfor allianseterritorium, i utkanten av det og på strategisk avstand; det er sannsynleg at NATO må utføre fleire mindre operasjonar som er ueinsarta og krevjande, og alliansen må framleis kunne utføre høgintensive storskalaoperasjonar.
12. Utan omsyn til den samla storleiken kjem kvar operasjon truleg til å vere avhengig av ein kommando- og styringsstruktur med evne til å planleggje og utføre eit felttog for å nå eit strategisk eller operativt mål, med den rette kombinasjonen av luft-, bakke- og sjøkomponentar. Det trengst òg styrkar med eigna struktur, utstyr, bemanning og opplæring til å utføre ekspedisjonsoppdrag for å svare på kriser under utvikling – der reaksjonsstyrken (NRF) vil vere eit nøkkelement – og for å forsterke førstestyrkane effektivt og understøtte allianseengasjementet så lenge operasjonen varer.
13. På dette grunnlaget treng alliansen tilstrekkelege fullt deployerbare og berekraftige bakkestyrkar og eigna luft- og sjøkomponentar. Dette kravet har støtte i dei politiske måla som forsvarsministrane har fastsett for kor stor del av dei nasjonale bakkestyrkane deira som skal vere strukturerte, førebudde og utstyrte for deployerte operasjonar (40 %), og kor stor del som til kvar tid skal vere engasjert i eller planlagd for vedvarande operasjonar (8 %), og i tilsegner frå allianselanda om å forsterke innsatsen i denne lei med utgangspunkt i nasjonale prioriteringar og plikter.
14. NATO og EU, med kvar sine medlemsstatar, har alt avtala prosedyrar for å sikre samanhengande, gjennomsiktig og gjensidig forsterkande utarbeiding av dei kapasitetskrava dei to orga-

nisasjonane har felles. Planleggingsdisiplinane i NATO bør halde fram med å ta fullt omsyn til desse prinsippa, måla og prosedyrane.

15. Det kan ikkje utviklast kapasitetar utan at det blir sett av tilstrekkelege ressursar. Vidare vil det framleis vere avgjerande at dei ressursane allianselanda stiller til disposisjon for forsvarsoppgåver, anten nasjonalt, via fleirnasjonale prosjekt eller gjennom NATO-mekanismar, blir best mogeleg utnytta og fokuserte på prioriterte satsingsområde. Auka satsing på nøkkelpasitetar vil medføre at nasjonane må vurdere omprioriteringar og meir effektiv ressursbruk, mellom anna gjennom samanslåing og andre former for bilateralt eller multilateralt samarbeid. Forsvarsplanlegginga i NATO bør støtte slike aktivitetar.
16. Dei neste 10–15 år kjem utviklinga i tryggingssituasjonen og behovet for å handtere konvensjonelle, og særleg asymmetriske truslar og risikoar, same kvar dei oppstår, til å gjere det ekstra nødvendig å oppnå auka oppfylling av desse kapasitetskrava:
 - a) evna til å utføre og støtte fleirnasjonale felles ekspedisjonsoppdrag langt frå heimeterritorium med lita eller inga støtte frå vertsnasjonen, og å halde dei gåande over lengre tid. Dette krev styrkar med full deployeringsevne, berekraft og samvirkeevne, og tilstrekkelege middel til å deployere dei. Det krev òg ei fullt koordinert og eventuelt fleirnasjonal tilnærming til logistikkstøtte;
 - b) evna til å tilpasse styrkeoppsett og militære reaksjonar fort og effektivt til uføresedde omstende. Dette krev mellom anna ei effektiv evne til å analysere miljøet og føresjå potensielle behov, eit høgt beredskapsnivå for styrkane våre og den fleksibiliteten som skal til for å reagere på eventuelle brå endringar i behova;
 - c) evna til å avskrekke, stanse, forsvare og verne mot terrorisme, nærmare bestemt å medverke til å tryggje befolkningane, territoriet, dei livsviktige infrastrukturane og styrkane til alliansen, og å støtte konsekvenshandtering;
 - d) evna til å verne informasjonssystem som er livsviktige for alliansen, mot dataåtak;
 - e) evna til å utføre operasjonar der det må takast omsyn til truslane som masseødeleggingsvåpen og kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske risikoar representerer, mellom anna evna til å forsvare utplasserte NATO-styrkar mot kortdistanseraketar;

- f) evna til å utføre operasjonar under krevjande geografiske og klimatiske forhold;
 - g) evna til, ved hjelp av eigna utstyr og prosedyrar, å oppdage fiendtlege element, også i byområde, for å utføre operasjonar på ein måte som minimerer utilsikta skade og risiko for våre egne styrkar;
 - h) evna og fleksibiliteten til å utføre operasjonar under tilhøve der innsatsen til dei ulike styresmaktene, institusjonane og nasjonane må samordnast på ein overordna måte for å nå dei ønskede resultata, og der desse ulike aktørane kan komme til å utføre kamp-, stabiliserings-, gjenreisings-, forsonings- og humanitære aktivitetar på same tid;
 - i) evna til å få fram militær støtte til stabiliseringsoperasjonar og gjenreisingsinnsats i alle fasar av ei krise, mellom anna for å etablere eit trygt og sikkert miljø, innanfor alle aktuelle oppdrag; militær støtte til gjenreisingsinnsats vil bli ytt i den utstrekning forholda på operasjonsstaden hindrar andre aktørar med hovudansvar på området i å utføre sine oppgåver. Dette bør omfatte evna til å støtte reformer i tryggingssektoren, mellom anna demobilisering, nedrusting og reintegrering, og til å yte militær støtte til humanitære hjelpeoperasjonar så langt midlane og kapasitetane tillèt;
 - j) evna til å mønstre styrkar med størst mogeleg samvirkeevne og standardisering mellom allianselanda, og fleksibiliteten til å samarbeide med styrkane til partnarar, om mogeleg også gjennom frigjeving av aktuelle standardar.
17. For å kunne mønstre desse kapasitetane er det nødvendig å vere open for ny teknologi, nye konsept, doktrinar og prosedyrar som særleg støttar ei tilnærming til operasjonar som, i lys av føresegnene i nr. 7e ovanfor, siktar mot ein samanhengande og heilskapleg bruk av dei ulike verkemidla i alliansen for å skape samla effektar som kan føre fram til det ønskede målet. Ei slik effektbasert tilnærming bør vidareutviklast, og kan omfatte betra situasjonsmedvit, rettidig operativ planlegging og avgjerdstaking, betra kontakt mellom kommandohavarar, sensorar og våpen og utplassering og bruk av felles ekspedisjonsstyrkar på ein stringent måte og med størst mogeleg effekt.
 18. Av desse kvalitative krava er følgjande dei NATO prioriterer høgast: felles ekspedisjonsstyrkar og evna til å utplassere og etterforsyne dei, høgberedskapsstyrkar, evne til å handtere asymmetriske risikoar, informasjonsovertak,

evne til å samkøyre dei ulike verkemidla alliansen tek i bruk i ei krise og til å løyse krisa med best mogeleg effekt, og evna til samordning med andre aktørar. NATO-reaksjonsstyrken er eit grunnleggjande militært verktøy til støtte for alliansen og ein katalysator for vidare omforming, og har høgast prioritet saman med operasjonelle krav.

Del 4 – Prinsipp for ein styringsmekanisme

19. Komiteane og organa i NATO med ansvar for dei aktuelle planleggingsdisiplinane, også operativ planlegging og etterretning, skal gjennomføre den samla politiske rettleiinga i arbeidet sitt ved å utarbeide utfyllande prinsipp, pålegg og rettleiingar, som dei i sin tur fastset for sine respektive disiplinar etter behov.

20. Ein effektiv styringsmekanisme er ein integrert del av gjennomføringa av den samla politiske rettleiinga. Styringsmekanismen vil bli etablert av Det permanente rådet for å gje rom for utvikling av ytterlegare detaljerte rettleiingar, og for å overvake og sikre at desse planleggingsdisiplinane er i samsvar med føresegnene i den samla politiske rettleiinga og å sikre samanheng og harmonisering mellom dei⁴. Styringsmekanismen vil omfatte eit system av effektive ordningar, også formelle pålegg der det trengst, med sikte på å oppnå samkøyrde planleggingsprosedyrar, konsekvent rettleiing og harmoniserte krav og støttestrukturar.

21. Iverksetjinga av denne samla politiske rettleiinga bør føre til utvikling av meir tenlege kapasitetar for framtidige operasjonar og oppdrag.

⁴ Styringsmekanismen vart etablert i februar 2006

Vedlegg 6

Erklæring frå toppmøtet i Riga

Ved stats- og regjeringssjefane som deltok på møtet i Det Nordatlantiske råd i Riga**29. november 2006**

1. Vi, stats- og regjeringssjefane i NATO-medlemslanda, stadfester i Riga i dag at vi er fast bestemte på å møte trygging utfordringane i det 21. hundreåret og forsvare befolkningane og fellesverdiane våre, samtidig som vi held fast ved eit sterkt fellesforsvar som kjerneformålet med alliansen. Dei 26 nasjonane våre står saman om demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettsstatleg styre, og er tru mot formåla og prinsippa i FN-pakta.
2. Prinsippet om ein udeleg alliansetryggleik er grunnleggjande, og solidariteten oss imellom gjev oss styrke til å møte nye utfordringar saman. I det tryggingssklimaet som utviklar seg i dag, står vi overfor komplekse truslar som til dels heng saman med kvarandre, mellom anna terrorisme av stadig meir globalt omfang og med stadig dødelegare resultat, spreiking av masseødeliggingsvåpen og tilhøyrande leveringsmiddel, og utfordringar som skriv seg frå ustabilitet som følgje av fallerte eller fallerande statar. Dette understrekar den sentrale rolla NATO spelar som det grunnleggjande forumet for samråd mellom nordamerikanske og europeiske allierte i tryggingsspørsmål. Det framhevar òg det viktige i felles tiltak mot desse truslane, mellom anna i krisereaksjonsoperasjonar under FN-mandat. Det illustrerer òg det viktige i å halde fram med omforminga av ressursane og relasjonane i NATO, noko som omfattar operasjonane og oppdraga våre, sterk satsing på forbetra kapasitetar og tettare samhandling med partnarane våre og andre nasjonar og organisasjonar. I dag har vi slutta oss til den samla politiske rettleiinga for arbeidet vårt (Comprehensive Political Guidance, CPG), som utgjer rammene og fastset den politiske retninga for den vidare omforminga av NATO, med prioriteringar i alle saker som gjeld kapasitetar, planleggingsdisiplinar og etterretning i alliansen dei neste 10–15 åra.
3. Frå Afghanistan til Balkan, frå Middelhavet til Darfur, i seks utfordrande oppdrag og operasjonar i tre geografiske regionar, fremjar vi fred og tryggleik og står skulder ved skulder med dei som forsvare fellesverdiane våre – demokrati og fridom – slik dei er nedfelte i Washington-traktaten. I desse innsatsane samarbeider vi nært med partnarane våre og andre nasjonar. Vi rosar profesjonaliteten og innsatsviljen til dei meir enn femti tusen mennene og kvinnene frå allierte og andre nasjonar som engasjerer seg i desse oppgåvene, og uttrykkjer vår djupaste medkjensle med familiane og dei kjære til dei skadde og falne.
4. Vi står saman med regjeringa til president Karzai og alle i Afghanistan som søker å byggje eit stabilt, demokratisk og framgangsrikt samfunn, fritt for terrorisme, narkotika og frykt, som kan ta hand om sine egne tryggingsoppgåver og leve i fred med landa rundt seg. Afghanarane har utretta mykje dei fem siste åra. Demokratisk valde institusjonar er etablerte, og iverksetjinga av nasjonale gjenreisings- og utviklingsstrategiar gjer livet lettare for millionar av menneske. Vi forpliktar oss til ei vedvarande rolle til støtte for dei afghanske styresmaktene, i samarbeid med andre internasjonale aktørar.
5. Å medverke til fred og stabilitet i Afghanistan er ei hovudprioritering for NATO. I samarbeid med nasjonale afghanske tryggingssstyrkar og i samråd med andre internasjonale aktørar skal vi framleis støtte dei afghanske styresmaktene, slik at dei kan ta på seg større ansvar for tryggleik, stabilitet og gjenreising over heile Afghanistan gjennom den NATO-leidde internasjonale tryggingssstyrken (ISAF) under FN-mandat, samtidig som vi respekterer folkeretten og gjer alt vi kan for at sivile ikkje skal komme til skade. Vi stadfester den sterke solidariteten i alliansen, og forpliktar oss til å sikre at ISAF har styrkane, ressursane og fleksibiliteten som trengst for å sikre at oppdraget får vidare framgang. Den afghanske regjeringa og NATO samarbeider i tillegg om å utvikle demokratisk

- styrte forsvarsinstitusjonar. Vi er i dag blitt samde om å auke støtta til opplæring og vidareutvikling av den afghanske nasjonalhæren, og har vedteke å yte sterkare bidrag til opplæringa av det nasjonale afghanske politiet. Vi gler oss over at partnarar og andre nasjonar held fram med å delta i ISAF-oppdraget, og oppmuntrar alle medlemmer av det internasjonale samfunnet til å engasjere seg i denne viktige innsatsen.
6. Utan utvikling kan ikkje Afghanistan bli trygt, og så lenge det er utrygt, kan det ikkje utvikle seg. Det afghanske folket har fastsett sine mål for tryggleik, styreset og utvikling i Afghanistan-pakta (Afghanistan Compact), som vart inngått med det internasjonale samfunnet i byrjinga av året. Regionale gjenreisingslag går i aukande grad fremst i NATO-innsatsen, støtta av militære styrkar med kapasitet til å sikre den tryggleiken og stabiliteten som skal til for å gje grobott for sivil aktivitet. Med lokal eigarskap som leiande prinsipp vil nasjonane våre støtte den nasjonale utviklingsstrategien til den afghanske regjeringa og den innsatsen ho gjer innan sivil kapasitetsoppbygging og institusjonsutvikling. Vi oppmuntrar andre nasjonar og internasjonale organisasjonar, særleg FN og Verdsbanken, til å gje likeins. NATO skal spele si rolle fullt ut, men kan ikkje ta på seg heile ansvaret. Vi ser positivt på at gjevarland, EU og andre internasjonale organisasjonar går inn for å støtte opp i sterkare grad. Vi ser òg positivt på dei tiltaka det internasjonale samfunnet alt har sett i verk for å betre samordninga av sivile og militære aktivitetar, mellom anna dialog mellom hovudstader og internasjonale organisasjonar, og er overtydde om at det er nødvendig å gå lenger med dette. Vi oppmodar FN til å ta på seg ei leiroll i denne samanhengen og såleis støtte den afghanske regjeringa.
 7. Vi støttar den afghanske regjeringa i arbeidet ho gjer for å vise fast leiarskap, mellom anna gjennom aktiv innsats i provinsane, styrking av rettsstaten, tiltak for å få bukt med korrupsjon og resolutt kamp mot ulovleg narkotikaverksemnd. Vidare ser vi at det er nødvendig å bryte opp nettverka som finansierer, forsyner og utstyrer terroristar som trugar styresmaktene og folket i Afghanistan. Vi erkjenner at det er ein samanheng mellom narkotika og opprørar i Afghanistan, og vil halde fram med å støtte den afghanske regjeringa i innsatsen mot narkotika innanfor ISAF-mandatet.
 8. Vi ber alle nabolanda til Afghanistan handle resolutt til støtte for den afghanske regjeringa i arbeidet med å byggje opp eit stabilt og demokratisk land innanfor sikre grenser. Særleg tek vi til orde for eit tett samarbeid mellom Afghanistan, Pakistan og NATO, mellom anna gjennom Trepartskommisjonen.
 9. I Kosovo har eit robust KFOR-nærvær under FN-mandat vore eit avgjerande bidrag til å skape trygge tilstandar og fremje den politiske prosessen. NATO vil stå parat til å reagere fort på eventuelle truslar mot eit trygt og sikkert miljø. Vi vil gje vårt til å gjennomføre tryggingsføresegnene i ei løysing, og vil samarbeide nært med folket i Kosovo, med EU og med andre internasjonale aktørar for å fremje stabilitet og medverke til å byggje opp eit tryggingssystem for Kosovo som er demokratisk styrt og etnisk representativt og har full legitimitet i heile Kosovo. Vi legg stor vekt på gjennomføringsstandardar, særleg når det gjeld å tryggje rettane til minoritetar og samfunn og å verne om historiske og religiøse minnesmerke, og på kamp mot kriminalitet og korrupsjon. Vi støttar fullt ut spesialutsendingen frå FN, Martti Ahtisaari, i arbeidet med å få prosessen i hamn, og ber alle partar om å samarbeide konstruktivt med han, vise fleksibilitet i prosessen, oppfylle dei internasjonalt godtekne standardane og delta i lokale samfunnsinstitusjonar. Dette bør kunne føre fram til ei løysing som gjer Sørøst-Europa meir stabilt, gjev heile regionen auka utsikter til å bli integrert i euroatlantiske institusjonar og kan godtakast av folket i Kosovo. Som i Afghanistan trengst det samordna innsats for å lukkast i Kosovo. NATO-innsatsen for å skape eit trygt klima vil difor framleis vere samordna med dei aktivitetane FN, EU og OSSE driv for å byggje opp styringsverket og støtte opp om reformer.
 10. Både i Afghanistan og Kosovo viser erfaringa at utfordringane i dag krev ei samla tilnærming frå verdssamfunnet si side. Det må setjast inn eit breitt spekter av sivile og militære verkemiddel, samtidig som ein respekterer mandata og avgjerdsautonomien til alle aktørane, og både i Afghanistan og Kosovo er ein slik framgangsmåte prøvd i praksis. Ut frå dette har vi i dag, idet vi erkjenner at NATO ikkje har noko krav på seg til å utvikle kapasitetar til reint sivile formål, gjeve Det permanente rådet i oppdrag å utarbeide pragmatiske forslag innan utanriksministermøtet i april 2007 og forsvarsministermøtet i juni 2007 til korleis NATO kan bruke sine eigne krisehandteringsinstrument på ein meir stringent måte og betre det praktiske samarbeidet på alle plan med partnarar, FN og andre relevante internasjonale organisasjonar,

ikkje-statlege organisasjonar og lokale aktørar i planlegginga og gjennomføringa av noverande og eventuelt framtidige operasjonar. Desse forslaga bør ta omsyn til lærdommar som avteiknar seg, og bør gje rom for fleksible alternativ for tilpassing av dei militære og politiske planleggingsprosedyrane i NATO med sikte på å styrkje samhandlinga mellom sivile og militære instansar.

11. NATO-politikken med vekt på partnerskapar, dialog og samarbeid er avgjerande for at alliansen skal kunne realisere formålet og oppgåvene sine. Denne politikken har skapt grobott for sterke relasjonar med andre land i Det euroatlantiske partnerskapsråd (EAPC), Middelhavsdialogen (MD) og Samarbeidsinitiativet frå Istanbul (ICI) og med kontaktlanda. NATO-partnerskapane er av varig verdi, og medverkar til stabilitet og tryggleik i heile det euroatlantiske området og utanfor. Oppdraga og operasjonane til NATO har òg vist at desse relasjonane har politisk og operativ verdi: Atten nasjonar utanfor alliansen stiller styrkar og yter støtte til operasjonane og oppdraga våre, og andre har uttrykt interesse av å samarbeide tettare med NATO.

12. Med tanke på dette gjev vi Det permanente rådet i oppgåve å vidareutvikle denne politikken, og særleg å:

- utvikle til fulle det politiske og praktiske potensialet i dei noverande NATO-samarbeidsprogramma: EAPC/Partnerskap for fred (PFP), MD og ICI, og likeins NATO-relasjonane med kontaktlanda, i samsvar med vedtaka frå Istanbul-toppmøtet;
- gjere relasjonane med ikkje-NATO-land, også kontaktlanda, meir operativt relevante, og særleg å styrkje NATO i evna til å samarbeide med eksisterande og potensielle bidragsytarar til NATO-operasjonar og NATO-opppdrag når dei deler våre interesser og verdiar;
- setje NATO betre i stand til å yte praktisk rådgeving og hjelp med dei forsvars- og tryggingssrelaterte sidene ved reformer i land og regionar der NATO engasjerer seg.

13. Med atterhald om vedtak i Det nordatlantiske råd (NAC) vil vi saman arbeide mot desse måla ved å:

- sjå til at konsultasjonane med PFP-partnarane blir meir fokuserte og samsvarer betre med aktuelle prioriteringar, mellom anna ved å tilpasse EAPC-prosessen og dra full nytte av dei ulike formata i samhandlinga

mellom NATO og partnerane, slik grunnlagsdokumentet for EAPC gjev rom for og slik vi var samde om på toppmøta i Praha og Istanbul;

- gje alliansen høve til å kalle saman ad hoc-møte etter kvart som episodar oppstår, med landa som medverkar til eller støttar oppdraga og operasjonane våre politisk, militært og på andre måtar og med dei som er potensielle bidragsytarar, alt etter kva interesse dei har i spesielle regionar der NATO er engasjert. Dette vil skje gjennom fleksible format for konsultasjonsmøte mellom allianseland og eitt eller fleire partnerland (medlemmer av EAPC, MD eller ICI) og/eller interesserte kontaktland, og på grunnlag av inkludering, innsyn og sjølvdifferensiering;
 - styrkje NATO i evna til å samarbeide effektivt med enkeltland ved å opne for at partnerskapsverkemidla som i dag er tilgjengelege for EAPC-land, også kan bli aktuelle for partnerane våre i MD og ICI og for interesserte kontaktland frå sak til sak.
14. Vi vil framleis følgje nøye med på korleis partnerane våre etterlever dei verdiane og prinsippa dei har forplikta seg til i EAPC og PFP. Vi minner om at kvar partner har høve til å søkje samråd med alliansen. Vi ser positivt på framgangen som har vore i land med individuelle handlingsplanar for partnerskap, og oppmuntrar til ytterlegare reforminnsats. Vi rosar initiativa om å styrkje samarbeidet, tryggleiken og stabiliteten i Svartehavsregionen, og vil framleis støtte den regionale innsatsen mot dette målet.
15. Vi ser positivt på framgangen som er oppnådd i gjennomføringa av den meir ambisiøse og utvida ramma for Middelhavsdialogen (MD) som vi avtala på Istanbul-toppmøtet, mellom anna gjennom vedtaka vi har gjort i dag.
16. Vi ser òg fram til å bruke den nye og pragmatisk tilnærminga vi har vedteke i dag til å styrkje tilhøvet til MD- og ICI-landa og interesserte kontaktland.
17. Sidan vi var samla på Istanbul-toppmøtet, har opplæringskompetansen i NATO utvikla seg vidare, samtidig som partnerskapen med nasjonar i den utvida Midtausten-regionen har modnast og vorte viktigare for operasjonane og oppdraga i NATO. I lys av dette har vi i dag lansert NATO-initiativet for opplærings-samarbeid innan modernisering av forsvarsstrukturar og opplæring av tryggingssstyrkar. I ei ånd av felles eigarskap og med utgangspunkt i tilgjengelege

ressursar står alliansen parat til å dele opplæringskompetansen sin med MD- og ICI-partnarane våre frå den utvida Midtausten-regionen. Gjennom ei gradvis og fasedelt tilnærming bygd på eksisterande strukturar og program vil vi, til beste for partnerane våre og NATO-landa, etablere eit stadig vidare nettverk av NATO-opplæringsaktivitetar. I ein innleiingsfase vil desse partnerane få utvida tilgang til aktuelle eksisterande opplærings- og utdanningsprogram i NATO; andre innslag vil vere partnerskapsaktivitetar og allierte opplæringsfasilitetar for å tilfredsstille behov hos allierte og partnerar, og i tillegg etableringa av eit Midtausten-fakultet ved NATO Defence College. Som ein andre fase kan NATO komme til å vurdere å støtte opprettinga av eit tryggingssamarbeidssenter i regionen, eigd av MD- og ICI-landa, med regional finansiering og NATO-bistand. Eit vedtak om å medverke til opprettinga av eit slikt NATO-støtta senter vil vere basert på samla politiske vurderingar, nødvendig førebuingssarbeid utført av alliansen saman med partnerane og på røynslene frå alle sider av innleiingsfasen. Ulike finansieringskjelder, også frivillig finansiering gjennom til dømes fond, vil bli vurderte. Vi ser fram til ei snarleg gjennomføring av dette initiativet i nært samråd med partnerane våre.

18. Alle allianselanda medverkar framleis til NATO-oppgdraget i Irak, i tråd med tryggingssrådsresolusjon 1546, ved å støtte dei irakiske tryggingssstyrkane gjennom opplæring i eller utanfor landet, gjennom utrusting eller gjennom bidrag til fond. Opplæringsoppdraget er ein demonstrasjon på vår støtte til det irakiske folket og regjeringa deira, og til stabilitet, demokratiutvikling, einskap og territorial integritet for Republikken Irak, i samsvar med dei aktuelle resolusjonane frå tryggingssrådet i FN. Som svar på ei oppmoding frå statsministeren i Irak har vi bede militærstyresmaktene i NATO utvikle ytterlegare nisseopplæringstilbod til støtte for irakiske tryggingssstyrkar der det trengst militær ekspertise, innanfor mandatet til NATO-opplæringsoppdraget i Irak. Dette viser at vi framleis er forplikta til å hjelpe Irak med å byggje opp effektive og framtidssretta multietniske tryggingssstyrkar.
19. Vi er djupt uroa over dei vedvarande kamphandlingane i Darfur og den forverra humanitære situasjonen der, og oppmodar alle partar om å respektere våpenkvila. Vi er bekymra over dei regionale følgjene konflikten kan få. Vi ser positivt på konklusjonane frå møtet i Addis

Abeba den 16. november 2006 om eit fredsbevaringsoppdrag utført av Den afrikanske unionen (AU) og FN i fellesskap, og ber innstendig om at regjeringa i Sudan må gjennomføre dei. NATO støttar framleis det pågåande AU-oppgdraget, og står klar til å utvide denne støtta etter å ha rådført seg med og fått tilslutnad frå AU. Alliansen er forplikta til vidare samordning med alle involverte aktørar, særleg AU, FN og EU, mellom anna med omsyn til eventuell støtte til eit påfølgjande oppdrag med lufttransport og opplæring.

20. Vi fordømmer sterkt all terrorisme, utan omsyn til motivasjon og ytringsform, og vil saman kjempe mot han så lenge det trengst, i samsvar med folkeretten og FN-prinsippa. Alliansen står framleis for ein avgjerande transatlantisk dimensjon i mottiltaka mot terrorisme. Active Endeavour, den maritime operasjonen vi utfører i Middelhavet, held fram som eit viktig bidrag til kampen mot terrorisme, og vi gler oss over at partnerland yter støtte til operasjonen og såleis har gjort han endå meir effektiv. Vi er framleis forplikta til dialogen og samarbeidet vi har med partnerane våre og andre internasjonale organisasjonar i kampen mot terrorismen, og seier oss på ny fast bestemte på å verne eigne befolkningar, territorium, infrastruktur og styrkar mot følgjene av terroriståtak. Vi rosar NATO-initiativa til forsvar mot terrorisme, som omfattar utvikling av spissteknologi til å motverke terroristruslar, mellom anna for å forsvare allierte styrkar i Afghanistan mot improviserte sprenglekamar. Vi oppmodar allianselanda til å vidareutvikle og fullt ut setje i verk sine nasjonale kapasitetar på dette viktige området, og til å styrkje alliansen i evna til å dele informasjon og etterretning om terrorisme, særleg til støtte for NATO-operasjonar.
21. Vi støttar arbeidet for å fremje felles verdiar, reform og dialog mellom ulike folk og kulturar. I denne samanhengen verdset vi utspelet frå generalsekretæren i FN om ein «Allianse av sivilisasjonar», og likeins «Forum for framtida», eit initiativ i G8-regi.
22. Omstillingane i forsvarssektoren må halde fram for at alliansen skal kunne utføre alle sine oppdrag, mellom anna operasjonar innan fellesforsvar og krisereaksjon. Operasjonane våre i Afghanistan og på Balkan stadfester at NATO treng moderne, høgt kompetente styrkar – styrkar som raskt kan flyttast dit det er behov for dei etter vedtak i NAC. På grunnlag av vedtaka vi gjorde på toppmøta i Praha og Istanbul, er det alt gjort mykje for å gjere alliansestyrkane meir

kompetente og eigna. Vi vil styrkje kapasitetane ytterlegare i samsvar med pålegget og prioriteringane i den samla politiske rettleiinga.

23. Opprettinga av reaksjonsstyrken NATO Response Force (NRF), som i dag har nådd full operativ kapasitet, har vore eit sentralt innslag i utviklinga. Styrken har ein avgjerande funksjon når alliansen står overfor ei krise som utviklar seg raskt. Han tener òg som katalysator for omstilling og samvirkeevne, og vil samla sett gjere dei væpna styrkane våre betre, ikkje berre for NATO, men òg for EU og FN og i nasjonal samanheng. Vi støttar ei forbetra gjennomføring av det avtala NRF-konseptet gjennom mekanismar som skal betre styrkegenereinga på lang sikt, og likeins tiltak som opnar for ei meir berekraftig og gjennomsiiktig tilnærming for å halde oppe kapasiteten til styrken i framtida.

24. Tilpassinga av styrkane våre må halde fram. Vi har slutta oss til ei rekkje initiativ som skal gjere styrkane våre betre skikka til å ta hand om truslar og utfordringar som gjer seg gjeldande i dag.

Initiativa går mellom anna ut på:

- å bli betre i stand til å utføre og støtte operasjonar med fleirnasjonale, felles ekspedisjonsstyrkar langt borte frå eige territorium med lita eller inga støtte frå vertsnasjonen, og å halde slike operasjonar gåande over lengre tid. Dette krev styrkar med full evne til utplassering, uthald og interoperabilitet og tilstrekkelige middel til å utplassere dei;
- forpliktande tilsegner om utvida strategisk lufttransport, som er avgjerande for rask utplassering av styrkar, for å bøte på manglar som er påviste og framleis gjer seg gjeldande. Av fleirnasjonale initiativ frå NATO-medlemmer og partnarar kan nemnast interims-løysinga for strategisk lufttransport, som alt er operativ, planen om eit konsortium som skal slå saman kapasitet i form av C-17 transportfly, og endeleg tilbod om å samordne støttestrukturar for strategisk lufttransport med A-400M. Nasjonalt er det fleire allianseland som har eller planlegg å skaffe seg eit stort tal C-17 og A-400M. Det har òg vore vesentleg framgang i den samla tilgangen på sjøtransport sidan toppmøtet i Praha;
- omdanning av styrkar til spesialoperasjonar med sikte på setje dei betre i stand til å trene og operere saman, mellom anna gjennom forbetra utrustingskapasitet;

- å sikre evna til å få fram militær støtte til stabiliseringsoperasjonar og gjenreisingsinnsats i alle fasar av ei krise, slik behovet tilseier og slik det er lagt opp til i den samla politiske rettleiinga, på bakgrunn av det ein har lært og framleis lærer av noverande operasjonar om meirverdien av slik militær støtte;
 - arbeid for å utvikle ein nettverksbasert NATO-kapasitet som gjer det mogeleg å dele informasjon, data og etterretning på ein trygg, påliteleg og direkte måte under allierte operasjonar, samtidig som vi må verne våre eigne nøkkelinformasjonssystem mot dataangrep;
 - aktivisering av eit senter for etterretnings-samkøyring med sikte på betre informasjons- og etterretningsutveksling ved allierte operasjonar;
 - vidare framgang i bakkeovervakingsprogrammet med sikte på å oppnå reelle kapasitetar til å støtte alliansestyrkar;
 - vidare innsats for å utvikle kapasitetar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske truslar;
 - omforming av logistikkmetodane i alliansen, dels gjennom auka bruk av fleirnasjonale løysingar;
 - innsats for å sikre ein kommandostruktur som er slank, rasjonell og meir effektiv;
 - undertekning av den første større kontrakten om eit aktivt, lagdelt kortdistanserakettforsvar, som òg er eit stort steg i retning av å verne utplasserte NATO-styrkar betre.
25. I Praha tok vi initiativ til ein forstudie om missilforsvar som reaksjon på den aukande missiltrusselen. Vi gler oss over at studien nyleg er fullført. Konklusjonen går ut på at missilforsvar er teknisk gjennomførleg innanfor dei grensene og føresetnadene studien er basert på. Vi gav pålegg om vidare arbeid med dei politiske og militære implikasjonane av eit missilforsvar for alliansen, mellom anna ei oppdatering om korleis missiltruslane utviklar seg.
26. Vi er forplikta til å halde fram med å stille til rådvelde, individuelt og kollektivt, dei ressursane som skal til for at alliansen vår skal kunne utføre dei oppgåvene vi krev av han. Difor oppmuntrar vi dei nasjonane som har nedgang i forsvarsutgiftene, til å stanse nedgangen og ta sikte på ein reell auke i forsvarsutgiftene. Som det går fram av den samla politiske rettleiinga, vil ikkje utviklinga av kapasitetar vere mogeleg utan tilstrekkelege ressurstilsegner. Ressursane bør brukast effektivt og målretta på dei oppgåvene som er prioriterte i rettleiinga.

27. Vi sluttar oss til kampanjen for rasjonalisering og effektivisering ved NATO-hovudkvarteret og til den finansieringspraksisen det blir lagt opp til.
28. På Vest-Balkan er euroatlantisk integrasjon, basert på solidaritet og demokratiske verdiar, framleis nødvendig for stabiliteten på lang sikt. Dette krev samarbeid i regionen, gode nabotilhøve og arbeid for å oppnå gjensidig akseptable løysingar på uoppgjorde spørsmål.
29. Den vedvarande NATO-utvidingsprosessen har vore ein historisk suksess når det gjeld å fremje stabilitet, fred og samarbeid i Europa og visjonen om eit heilt og fritt Europa som lever i fred. I pakt med lovnaden om å halde døra open for nye medlemmer i framtida, stadfester vi at NATO er ope for nye europeiske medlemmer i samsvar med artikkel 10 i Atlanterhavspakta. Handlingsplanen for medlemskap (MAP) er eit avgjerande førebuingss stadium for land som vil bli NATO-medlemmer. Alle demokratiske land i Europa kan komme på tale for MAP eller som medlemmer, med atterhald om dei vedtak NAC tek på kvart stadium på grunnlag av den framgangen landa gjer i retning av å oppfylle måla i Atlanterhavspakta. Vi gjev NATO-utanriksmi-nistrane pålegg om å halde denne prosessen under kontinuerleg oppsyn og rapportere til oss.
30. Vi gler oss over den innsatsen Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia⁵ har gjort for å førebu seg på ansvaret og pliktene som følgjer med medlemskap. Vi rosar dei aukande bidraga dei yter til internasjonale fredsbevarings- og tryggingsoperasjonar og den felles innsatsen dei gjer for å fremje regionalt samarbeid. På det neste toppmøtet vårt i 2008 aktar alliansen å invitere endå fleire land som oppfyller dei resultatbaserte NATO-krava og er skikka til å medverke til tryggleik og stabilitet i det euroatlantiske området.
31. Vi ser positivt på den forbetra gjennomføringa av parlamentsval i Albania i juli 2005. Vedvarande innsats mot korrupsjon og organisert kriminalitet er avgjerande. Vi oppmuntrar til vidare framgang, særleg i rettsstatsutviklinga og innan forsvarsreformer.
32. Vi gler oss over at Kroatia samarbeider fullt ut med den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY), og over den betydelege framgangen landet har hatt med å fremje politiske og økonomiske reformer og rettsstats- og forsvarsreformer, som må vidareførast, og oppmuntrar til ytterlegare innsats for å sikre at medlemsskapsambisjonane har sterkare folkeleg støtte.
33. Vi gler oss over det vellukka parlamentsvalet som vart gjennomført i den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia i 2006, og likeins over den sterke innsatsen for meir djuptgåande reformer innan politikk, økonomi, rettsstatsutvikling og rettsvesen som blir gjort, og som må vidareførast.
34. Vi meiner fullt og fast at Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia kan yte verdifulle bidrag til regional stabilitet og tryggleik. Vi støttar sterkt opp om dei pågåande reformprosessane, og vil oppmuntre til ytterlegare positiv utvikling i regionen på vegen mot euroatlantisk integrasjon.
35. NATO vil ytterlegare styrkje samarbeidet om forsvarsreform med Bosnia-Hercegovina og Serbia, og vil tilby råd og bistand etter kvart som Montenegro byggjer opp sine forsvarskapasitetar.
36. Sidan langsiktig stabilitet på Vest-Balkan er av stor verdi, og på bakgrunn av dei framstega Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia har gjort til no, har vi i dag invitert desse tre landa til å bli med i Partnerskap for fred og Det euroatlantiske partnerskapsråd. Ved å gå til dette skrittet viser vi kor stor vekt vi legg på verdiane og prinsippa i grunnlagsdokumenta for EAPC og PFP, og vi ventar oss spesielt at Serbia og Bosnia-Hercegovina vil samarbeide fullt ut med ICTY. Vi vil følgje nøye med på innsatsen deira på dette punktet.
37. Vi stadfester at alliansen vil vidareføre den intensiverte dialogen med Georgia og Ukraina, som dekkjer heile spekteret av politiske, militære, økonomiske og tryggingsrelaterte spørsmål i samband med medlemsskapsambisjonane til desse landa, utan å forskottere noko framtidig alliansevedtak.
38. Vi stadfester betydninga av den særskilde partnerskapen mellom NATO og Ukraina, som har tiårsjubileum neste år, og ser positivt på framgangen som er oppnådd innanfor den intensiverte dialogen oss imellom. Vi verdset det vesentlege bidraget Ukraina har ytt til fellestryggleiken, mellom anna gjennom delta-king i NATO-leidde operasjonar og innsats for å fremje regionalt samarbeid. Vi oppmuntrar Ukraina til å halde fram med å medverke til regional tryggleik. Vi er framleis fast bestemte på å hjelpe til med praktisk samarbeid i gjennomføringa av vidtgåande reforminnsats, sær-

⁵ Tyrkia godkjenner Republikken Makedonia under det konstitusjonelle namnet

leg på områda nasjonal tryggleik, forsvar, reformer i forsvarsindustri sektoren og kamp mot korrupsjon.

39. Vi gler oss over innleiinga av ein intensivert dialog med Georgia, og over at Georgia har ytt bidrag til internasjonale fredsbevarings- og tryggingsoperasjonar. Vi vil halde fram med å samhandle aktivt med Georgia til støtte for reformprosessen. Vi oppmuntrar Georgia til å søkje vidare framgang i dei politiske, økonomiske og militære reformene, mellom anna med sterkare reformer i rettsvesenet, og i arbeidet for å få ein fredeleg slutt på uløyste konflikhtar på georgisk territorium. Vi stadfester at det er svært viktig at alle paratar i regionen engasjerer seg konstruktivt for å fremje regional fred og stabilitet.
40. Partnerskapen mellom NATO og Russland er framleis eit strategisk element i arbeidet for å auke tryggleiken i det euroatlantiske området. Når det no nærmar seg tiårsjubileet for underteikninga av grunnlagsdokumentet og femårsjubileet for NATO–Russland-rådet (NRC) i mai 2007, gler vi oss over framgangen i arbeidet med å intensivere den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet mellom NATO og Russland, og meiner at samarbeidsskjemaet som blei sett opp i Roma-erklæringa frå mai 2002 enno ikkje er utnytta til fulle. Mykje står att å gjere i så måte, og vi oppmodar Russland om å gå saman med oss om å styrkje samarbeidet oss imellom i viktige tryggingsspørsmål, mellom anna kampen mot terrorisme. Vi vonar at Russland snart vil ratifisere styrkestatusavtalen med PFP, noko som vil leggje tilhøva til rette for ytterlegare intensivering av det praktiske samarbeidet vårt, særleg innan mellom-militære prosjekt. Vi verdset det russiske bidraget til Active Endeavour og det praktiske samarbeidet i kampen mot ulovleg narkotikaomsetning i Afghanistan og Sentral-Asia. Vi er førebudde på å styrkje og utdjupe samarbeidet i NRC ved å gjere dei eksisterande strukturane i rådet meir effektive, og å samarbeide vidare som likeverdige partnarar på område av felles interesse der samarbeid oss imellom kan gje meirverdi, slik Roma-erklæringa legg opp til.
41. NATO og EU deler verdier og strategiske interesser. Tilhøvet mellom NATO og EU dekkjer eit breitt spekter av saker av felles interesse på trygging-, forsvars- og krisehandteringsområdet, mellom anna kampen mot terrorisme, utvikling av samanhengande og gjensidig forsterkande militære kapasitetar og sivil kriseplanlegging. Det vellukka samarbeidet vi har

hatt på Vest-Balkan, mellom anna gjennom Berlin-Pluss-ordningane når det gjeld EU-operasjonen Althea, medverkar til fred og tryggleik. Vi vil streve etter å forbetre den strategiske NATO–EU-partnerskapen slik dei to organisasjonane våre er samde om, slik at samarbeidet kan bli tettare, effektiviteten større og unødig dobbeltarbeid kan unngåast, under opne forhold og med full respekt for autonomien til dei to organisasjonane. Eit sterkare EU vil medverke ytterlegare til fellestryggleiken.

42. Vi stadfester at vi er forplikta til CFE-avtalen som ein hjørnestein for tryggleiken i Europa, og går inn for at den tilpassa avtalen snart kan tre i kraft slik at nye statar kan tiltre. Den tredje gjennomgangskonferansen understreka den livsviktige rolla vi tillegg CFE-avtalen, og vi er bestemte på å vidareføre den konstruktive tilnærminga vår til konvensjonell rustingskontroll. Når dei resterande Istanbul-tilsegnene om Republikken Georgia og Republikken Moldova er oppfylte, vil det leggje tilhøva til rette for at allianseland og andre partsstatar kan gå vidare på vegen mot ratifikasjon av den tilpassa avtalen. Vi ser positivt på den viktige avtalen som vart underteikna av Russland og Georgia 31. mars 2006 om tilbaketrekking av russiske styrkar, og på framgangen som er oppnådd sidan då. Vi merkjer oss med sorg at det ikkje er gjort framgang i tilbaketrekkinga av russiske militære styrkar frå Republikken Moldova, og ber Russland ta opp att og fullføre tilbaketrekkinga snarast råd.
43. Vi er leie for at konfliktane i Sør-Kaukasus og Republikken Moldova held fram. Nasjonane våre går inn for territorial integritet, sjølvstende og suverenitet for Armenia, Aserbajdsjan, Georgia og Republikken Moldova. Vi støttar vidare innsats for å oppnå fredelege løysingar på konfliktane desse tre landa er innblanda i.
44. Vi støttar tryggingsrådet i FN fullt ut når det slår fast at kjernevåpenprøven til Den demokratiske folkerepublikken Korea er ein opplagd trussel mot freden og tryggleiken i verda, og sluttar oss til kravet frå rådet om at regjeringa i Iran må innstille alt opprikings- og attvinningsarbeid, også forskning og utvikling, på ein måte som kan kontrollerast av Det internasjonale atomenergibyrået. Vi ventar at begge regjeringane fullt ut etterkjem krava i dei aktuelle resolusjonane frå Tryggingsrådet. Vi uttrykkjer støtte til pågåande diplomatisk innsats i denne samanhengen. Vi minner om at avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen framleis er hjørnesteinen for ikkje-spreiing og nedrusting, og

oppmodar alle partsstatane til å etterleve avtalen fullt ut. Vi stadfester at rustingskontroll og ikkje-spreiing framleis vil vere svært viktig for å hindre spreining og bruk av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Spreiingstruslane i dag understrekar det viktige i å styrkje nasjonale tiltak, i å gjennomføre tryggingrådsresolusjon 1540 og i eksisterande multilaterale ikkjespreiings- og eksportkontrollregime og internasjonale rustingskontroll- og nedrustingsavtalar, mellom anna konvensjonen om biologiske og giftige våpen, konvensjonen om kjemiske våpen og Haag-retningslinjene mot spreining av ballistiske missil.

45. Som det er understreka i det strategiske konseptet, kan tryggingssinteressene til alliansen også bli påverka av stans i tilførsel av livsviktige ressursar. Vi støttar ein samordna internasjonal innsats for å evaluere risikoar for energiinfrastrukturar og å auke tryggleiken i infrastrukturanane. Med tanke på dette pålegg vi Det permanente rådet å rådføre seg om dei mest presserande risikoane på energitryggingssområdet for å definere område der NATO har noko å tilføre når det gjeld å sikre tryggingssinteressene til

allianselanda og der organisasjonen kan medverke til nasjonal og internasjonal innsats etter oppmoding.

46. Vi er djupt takksame for den gjestfrie mottakinga den latviske vertskapen har vist oss. Her i Latvia, ein nasjon som ved å tiltre NATO har styrkt tryggleiken for alle i det euroatlantiske området og ført oss nærmare det felles målet vårt, som er eit heilt og fritt Europa, sameint i fred og av felles verdiar, har vi på nytt stadfest det uunnverlege bandet mellom Nord-Amerika og Europa, og streka under at vi forpliktar oss til den pågåande omdanninga av alliansen. Dei avgjerdene vi saman har teke, og det arbeidet vi har gjeve pålegg om, viser at alliansen tilpassar seg tryggingssutfordringane i det 21. hundreåret gjennom sine operasjonar, omforma forsvarskapasitetar og djupare inngrep med land i og utanfor det euroatlantiske området, og gjennom vidare interne reformer. Denne innsatsen vil styrkje oppdraget vårt i Afghanistan og evna vår til å møte nye utfordringar. Vi møtest igjen våren 2008 for å evaluere framgangen og gje nye pålegg om den pågåande NATO-omforminga, mellom anna utvidingsprosessen.

Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.regjeringa.no

Omslagsbilde: NATO photo

Trykk: Lobo Media AS - 5/2007

